





SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025

Juni 2014



Innhald:

Samandrag	2
Ordforklaringar	3
DEL 1 Verdiskaping	4
1 Verdiskapingsplan – kvifor og for kven?	5
2 Utgangspunkt og utfordringar	6
3 Overordna premissar	12
4 Mål	14
5 Strategi og viktige suksessfaktorar	14
6. Ansvar, satsingar og infrastrukturutvikling	15
6.1 Kven følgjer opp verdiskapingsplanen?	15
6.2 Grunngeving for innsatsen	16
6.3 Det eksisterer strategidokument for landbruk	17
6.4 Infrastrukturutvikling	17
6.5 Kva skal kommande generasjonar leve av?	20
DEL II Tilrettelegging og satsingar	21
7 Nyskaping, evne til å fange opp gode initiativ	22
7.1 Offentleg sektor	23
7.2 Eit enno betre næringsapparat	24
7.3 Legge til rette for entreprenørane	25
7.4 Verkemiddelpolitikk	27
8 Satsing på kunnskap	29
9 Satsing på fornybar energi	33
10 Satsing på sjømatnæringar	38
11 Satsing på reiseliv	44
12 Satsing på olje og gass	49
Del III Vidare arbeid	52
13. Frå plan til handling	53
13.1 Organisering av det vidare arbeidet	53
13.2 Frå strategiarbeid til iverksetjing	55
13.3 Partnerskapsavtalar og vidare framdrift	56

Samandrag

Fylkestinget har sett folketalsutviklinga som hovudutfordring for Sogn og Fjordane. I verdiskapingsplanen er målet om folketalsutvikling ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst. Målet er ein netto årleg arbeidsplassvekst på 100. Dette føreset 500 nye arbeidsplassar kvart år.

Fylket må tilby attraktive arbeidsplassar. Vi konkurrerer om kvar folk skal velje å busetje seg, og vi konkurrerer om kvar dei utfordrande arbeidsplassane vert etablerte.

Flinke folk er den viktigaste ressursen vår. Hovudstrategien er derfor

- nyskaping basert på dei naturgjevne fortrinna vi har
- å vere attraktive for folk som vil skape arbeidsplassar
- å legge til rette for kompetanseutvikling, basert på både tradisjonar, handlag, yrkesfag og på akademisk kunnskap

Målsettinga om arbeidsplassvekst skal vi nå gjennom:

- Nyskaping: Det offentlege skal utvikle evna si som god hjelpar.
- Kunnskap: Ei bransjenøytrale satsing som også inkluderer offentlig produksjon.
- Bransjesatsingane: Utviklingsarbeid knytt til naturgjevne føremoner.

Viktige bodskap i verdiskapingsplanen:

- Vridinga i verkemiddelbruken for å skape fleire arbeidsplassar knytt til dei ekspansive tenesteytande og kreative næringane; arbeidsplassar som er attraktive for godt utdanna ungdom.
- Ei slik vriding av arbeidsplassveksten må skapast gjennom ringverknader frå dei sterke primær- og sekundærnæringane våre; gjennom underleveransar og nyskaping. Lokalt eigarskap er vesentleg for å sikre slike ringverknader.
- Bedriftsleiarar, offentlig forvaltning og forskings- og utdanningsmiljøet må bli meir synlege for kvarandre.

Samfunnsansvar er ein premiss for alle satsingar. Dette betyr at vi ikkje prioriterer aktivitet basert på sosial dumping eller uforsvarleg bruk av naturressursar.

Dei nye arbeidsplassane vil i aukande grad vere internasjonalt orienterte. Ungdommen vår må få ei utdanning som sikrar internasjonal kompetanse. Ikkje minst unge jenter skal oppleve Sogn og Fjordane som attraktivt. Arbeidsinnvandrarar må møte eit Sogn og Fjordane som veit å syne godt vertskap.

The infographic is titled "Hovudproblemstillingar" and is presented in a light blue box with a logo at the top. It contains two columns: "Problemstillingar" and "Løysingar".

Problemstillingar	Løysingar
<ul style="list-style-type: none">• Målet er folketal• Vekstnæringar vs næringar som effektiviserer• Kunnskapsorienterte• Basert på fortrinn og ressursar	<ul style="list-style-type: none">• Utdanningsorientering• Klima for nyskaping• Samling om ressursane<ul style="list-style-type: none">- Fornybar energi- Mat (Sjømat og landbruk)- Reiseliv- Olje og gass• Nettverksorientering

www.sfg.no

Det skal bli utforma forpliktande partnerskapsavtalar mellom dei som har roller i iverksettinga av planen. Kommunane skal bli ein viktig partner.

Planen skal legge grunnlaget for langsiktige satsingar. I første omgang er tidshorisonten 2025.

Ordforklaringar

Partnarskapen

Omgrepet partnarskap vert brukt ofte i dette dokumentet. Vi har tre forståingar av dette omgrepet:

- Oftast snakkar vi om Næringsforum som partnarskapen på leiarnivå
- Petroleumsrådet er partnarskapen innan olje og gass
- Den operative partnarskapen er dei som samarbeider for å gjennomføre satsingane. Samansetjinga varierer, men Fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Norge er som regel involverte. Kommunane skal bli ein viktig partnar.

Vi deler iverksettinga i fire kategoriar:

1. Program	<i>- Det vert oppretta ein programorganisasjon når fleire aktørar må arbeide tett i lag for å nå resultat.</i>
2. Avtalt arbeid	<i>- Dersom eit større arbeidsfelt kan gjennomførast i ein organisasjon, vert arbeidet avtalt og plassert i «lina».</i>
3. Retningslinjer	<i>- Ofte kjem det gode initiativ utanom det avtalte utviklingsarbeidet. Felles retningslinjer handlar om korleis partnarskapen både oppmuntrar til og reagere på viktige initiativ.</i>
4. Politiske problemstillingar	<i>- Politiske problemstillingar i teksten som følgjer, er ikkje ei uttømmende liste. Føremålet er å liste opp viktige tema for politisk handling.</i>

Ansvar

- Å ta på seg ansvaret for ei satsing inneber først å ta ansvar for å utvikle satsingane vidare til operative program og prosjekt.
- Verdiskapingsplanen syner ansvar for vidare arbeid med
 - satsing
 - som del av ei satsing
 - Program
 - Avtalt arbeid

DEL 1 Verdiskaping



1 Verdiskapingsplan – kvifor og for kven?

Kvifor?

Arbeidet som vert initiert gjennom verdiskapingsplanen, skal medverke til auka folketal i Sogn og Fjordane. Vi ønskjer å utvikle eit arbeidsliv som gir attraktive arbeidsplassar. Dette føreset at det offentlege og det private arbeider godt saman. Sogn og Fjordane skal vere ein konkurransedyktig region. Vi skal vere ein attraktiv lokaliseringsstad for verksemdar. Folk skal ønskje å leve livet sitt her.

Verdiskaping


Arbeidet bygger på ei slik forståing av omgrepet verdiskaping:

- Planen er avgrensa til økonomisk verdiskaping med hovudvekt på utvikling av privat næringsliv.
- Verdiskaping i offentlig sektor vert konsentrert om prioriterte satsingar i næringslivet. Viktige døme; ressursforvaltning, utvikling av infrastruktur, transport og kunnskapsutvikling

Når verdiskaping er brukt som økonomisk uttrykk er dette summen av overskot og lønskostnader. Verdiskaping i offentlig sektor er her lønskostnader. Offentleg tenesteyting har om lag 35 prosent av sysselsettinga i fylket og er ein viktig del av verdiskapinga vår.

Verdiskaping er å produsere noko som er nyttig, enten i seg sjølv, eller fordi godet skal brukast vidare i ein annan samanheng. Verdiskaping skaper direkte eller indirekte velferd. Verdiskaping som omgrep skil ikkje på om produksjon er organisert offentlig eller privat. Det er såleis ikkje slik at det private arbeidslivet skaper og det offentlege forbrukar; opplæring er til dømes like skapande om arbeidet skjer i offentlig eller privat regi.

Verdiskaping handlar også om verdival og om å vege interesser mot kvarandre.



Målet om verdiskaping kan både harmonere og komme i konflikt med andre samfunns mål

Det er naturleg å arbeide med verdiskaping slik at omgrep som berekraftig utvikling og bedrifter med samfunnsansvar vert gitt reelt innhald.

Partnerskapen sin plan for verdiskaping

I planlova står det: «regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen». Formelt er dette ein plan vedteken av fylkestinget.

Skal vi oppnå resultat, må partnerskapen, det vil seie organisasjonane i næringslivet, regional stat og kommunar, slutte seg til innhaldet og sjå verdiskapingsplanen som sin.

2 Utgangspunkt og utfordringar

2.1 Eit internasjonalt perspektiv på korleis framtida ser ut

Det vert stadig viktigare å sjå Sogn og Fjordane som ein del av det internasjonale samfunnet. Folk flyttar meir, næringslivet konkurrerer på stadig større marknader og menneskeskapte klimaendringar er mellom fleire globale problemstillingar som gjeld oss heilt konkret.

Vi har fleire store globale utfordringar:

- takle folkeflytting og folkevekst
- tilgang til reint vatn
- tilgang til nok mat
- meir kapital på færre hender
- auka sosiale skilnader
- urbanisering – inklusiv konsentrasjon av kunnskapsmiljø og kapital
- energitilgang. Klimaendringar krev karbonbinding og overgang til fornybar energi
- miljøutfordringar. Døme: resistens /vår «kjemiske kvardag».

Sogn og Fjordane har gode føresetnader for å medverke positivt i verdiskapinga. Vi kan tilby reint ferskvatn, rein mat, rein energi, karbonbinding til mineralressursar, og karbonbinding ved at trevirke i større grad erstattar stål og betong.

Internasjonale miljøavtalar er viktige for framtida vår. Vi peikar på marin næringsutvikling som ei vekstnæring. Dette krev reine hav og reine kystfarvatn. Utnytting av naturressursane krev også ei kompetent forvaltning som sameinar miljøomsyn og å «setje naturen i arbeid».

Biletet av internasjonale konkurransedyktige regionar er stort sett forteljinga om næringsklynger i byregionar. Vi må sjølve teikne biletet av bygder og bygdebyar i positiv utvikling og i godt samspel med byen. I regjeringa sitt arbeidet med å modernisere offentleg sektor, bør det vere rom for å utvikle ei offentleg forvaltning med handlingsrom til å utforme eigne regionalt tilpassa utviklingsstrategiar. Då vil også visjonen «eit Europa av regionar» gjelde oss.

2.2 Høgkostlandet Noreg

Olje- og gassinntektene har drive norske lønskostnader opp på eit høgt nivå når vi samanliknar oss med andre industrialiserte land. Det er eit teikn på at nasjonen har lukkast, samstundes set det store krav til produktivitetutvikling og innovasjon i den landbasert industrien. Produksjon basert på høgt kunnskapsnivå er vegen å gå for Noreg.

2.3 Sogn og Fjordane – eit godt utgangspunkt?


«Sogn og Fjordane – Noregs amme» heitte det i ein video utvikla for NHO for ein del år sidan. Tittelen summerer kort eit rådande sjølvbilete. Vi er del av ein verdiskapande og eksportretta vestlandsregion. Samstundes er den delen av næringslivet som produserer dei store verdiane avhengige av å rasjonalisere og erstatte arbeidskraft med teknologi.

Statistikk som bakgrunn for innhaldet i dette kapitlet finn du i fylkesspegelen på nettsida til fylkeskommunen: www.sfj.no.

Utfordring: Folketalsutviklinga

Fylket passerte 100 000 innbyggjarar i 1961. I 1979 hadde folketalet passert 105 000. Dei fem siste åra har innbyggjartalet auka med om lag 550 personer i året, og ved siste årsskiftet budde det rundt 109 000 innbyggjarar i fylket. Den siste auken skuldast hovudsakleg arbeidsinnvandring.

Vi ventar at det i 2025 vil vere 115 500 innbyggjarar i Sogn og Fjordane. Dette er 6500 fleire enn ved utgangen av 2013. Veksten kjem i aldersgruppene over 60 år.



Ser vi perioden 2000–2012 under eitt, var det stor nettoutflytting av ungdomar i 20-åra frå Sogn og Fjordane. Dette heng saman med at ungdom flyttar ut for å ta vidare utdanning eller byrje i jobb. For dei andre aldersgruppene sett under eitt, er tilflyttinga større enn fråflyttinga. Størst nettotilflytting er det blant 16-17 åringar og personar i 30-åra.


Mobilitet i befolkninga er også ein kompleks faktor som påverkar biletet av flytting ut og inn av fylket.

Talmaterialet syner at det vil vere trong for arbeidskraft og nye løysingar i omsorg for ein aldrande folkesetnad. Innvandring er allereie med på å løyse arbeidskraftbehovet. Tala syner også at ungdom er ei svært viktig målgruppe dersom vi set oss ambisiøse mål om folketalutvikling.

Utfordring: Attraktive arbeidsplassar

Utfordringa er ikkje berre tal nye arbeidsplassar; arbeidsplassane må også vere attraktive. Det er til tider manglande samsvar mellom trong for arbeidskraft og kva arbeidstakarane etterspør.

Arbeidsplassveksten er viktig for å forstå folketalsutviklinga. Fylket har lågast arbeidsplassvekst i landet. Sjølv om talet på arbeidsplassar i Sogn og Fjordane auka med 1200 i 12-årsperioden 2000–2012, så er utviklinga 10,6 prosent dårlegare enn landsgjennomsnittet. Det offentlege har vakse med 1500 arbeidsplassar i perioden, det private næringslivet har hatt ein nedgang på 300.



Telemarksforskning har i sin [regionale analyse for 2013](#) samanlikna arbeidsplassveksten i Sogn og Fjordane med landet elles. Tala syner:

1. Det er særleg privat sektor som medverkar til svakare utvikling enn landet elles.
2. Arbeidsplassveksten i det offentlege er svakare i Sogn og Fjordane enn i landet elles.
3. Den viktigaste forklaringa på svak arbeidsplassvekst i privat sektor, er næringsstrukturen. Vi har stort innslag av bransjar med liten auke i tal tilsette.

Går vi nærare inn i talmaterialet, ser vi at primærnæringane, industrien og andre næringar som konkurrerer på ein nasjonal og internasjonal marknad, har hatt ei svakare arbeidsplassutvikling enn det vi kunne vente ut frå tendensen nasjonalt.

Utviklinga er ulik i ulike delar av fylket. Tala nedanfor syner endring i talet på arbeidsplassar i perioden 2002–2012:

	HAFS	Nordfjord	Sogn	Sunnfjord
Stat	0	-85	-82	355
Fylkeskommune	4	36	18	26
Kommune	28	442	355	572
Privat	198	-244	-496	713

Analysar syner at innflytting til små og noko isolerte arbeidsmarknader er mindre enn arbeidsplassveksten tilseier. Dei ekspansive tenesteytande næringane veks i sentra. I sum forklarar dette ulik utvikling mellom kommunar i fylket. For nokre av utkantkommunane vert utviklinga innan offentlig tenesteyting og forvaltning og innan bransjar som reduserer sysselsettinga viktige for arbeidsplassutviklinga.

Det er ingen eksterne impulsar som tilseier stor arbeidsplassvekst. Vi bør arbeide ut frå at den framtidige veksten må skapast gjennom eiga kraft. Vi må vere attraktive for folk og næringsliv.

Eit verdiskapande fylke

I 2011 var den samla verdiskapinga i Sogn og Fjordane på 37 460 millionar kroner¹. Om lag 26 prosent av verdiskapinga kom frå offentleg forvaltning, medan 74 prosent var i privat sektor. I privat sektor var verdiskapinga størst innan produksjon av energi, bygge- og anleggsbransjen og i varehandelen. Også metallindustrien og fiske, fangst og havbruk bidreg betydeleg til verdiskapinga.

Analysen frå Telemarksforsking (2013) syner oss at

- bedriftene har god vekst samanlikna med landet elles
- bedriftene syner både god innovasjonsevne og internasjonal orientering
- dei regionale bedriftene samarbeider godt innan verdikjeda. Det synest som om det er mindre samarbeid verksemdene imellom (horisontalt).
- lønsemda er middels god
- vi etablerer få nye bedrifter, men dei som vert etablerte er meir varige enn landet elles
- vi har få sysselsette i kunnskapsintensive bransjar

Telemarksforsking har laga eit «nærings-NM» der 83 regionar vert samanlikna med omsyn til lønsemd, vekst, nyetableringar og næringslivet sin storleik i åra 2002–2012. Her kjem Sunnfjord ut som den 8. beste regionen, Nordfjord nr. 41, HAFS-kommunane nr. 53 og Sogn nr. 68. Av 428 kommunar kjem Førde ut som nr. 28, Flora nr. 27 og Sogndal nr. 43.

Internasjonal orientering

Styrken vår syner seg i form av eksport:

I 2012 eksporterte Sogn og Fjordane varer til ein verdi av 12 979 millionar kroner. Dette utgjorde 3,6 prosent av den samla eksporten av varer frå Noreg².


Sogn og Fjordane bidreg til valutainntening.

Tal henta frå Telemarksforsking sin analyse av Sogn og Fjordane (figuren til høgre), fortel at Sogn og Fjordane har mange verksemdar som er internasjonalt orienterte.

Sterke bransjar:

Verdiskapinga og sysselsettinga kan splittast opp i bransjar. Vi vel å presentere talmaterialet slik at vi får fram både sterke og svake sider ved Sogn og Fjordane. Talmaterialet syner at fylket har eit stort innslag av næringar som rasjonaliserer og mindre innslag av dei tenesteytande næringane som veks på landsbasis.

Del av verksemdar som oppgir at dei sel til utlandet (blå farge) og som har hovudmarknaden utanlands (raud farge).




Kjelde: Telemarksforsking basert på SSB si innovasjonsanalyse. År: 2010.

¹ SSB: Fylkesfordelt nasjonalrekneskap 2011. Talet viser bruttoproduktet i Sogn og Fjordane målt i basisverdi og i løpande kroner. Aktiviteten på kontinentalsokkelen utanfor fylket er ikkje medrekna.


² SSB: Utanrikshandel med varer.

Sogn og Fjordane har i stor grad eit naturressursbasert næringsliv. Fiskeri og havbruk, reiselivsbransjen, maritim sektor og fornybar energi er store næringer i fylket, men dei betyr mindre for verdiskapinga enn i resten av landet. Bygge-, anleggs- og eigedomsbransjen står for ein stor del av verdiskapinga både i Sogn og Fjordane og i landet elles. Olje- og gassektoren og kunnskapsbasert tenesteproduksjon er derimot store næringer når ein ser landet under eitt, men dei har ein liten del av verdiskapinga i Sogn og Fjordane.



Kjelde: MENON og SSB sin statistikkbank.

Den samla verdiskapinga i åra 2006–2009 fordelt på næring. Sogn og Fjordane og landet. Tal i prosent. (Deler av industrien er ikkje inkludert i talmaterialet over.)



Kjelde: SSB sin statistikkbank.

Talet på sysselsette fordelt på næring. Utgangen av 2012. Tal i prosent.


Sogn og Fjordane har monaleg fleire sysselsette innan primærnæringane og i industrien enn landsgjennomsnittet. Delen av sysselsette i Sogn og Fjordane som arbeider i forretningsmessig tenesteyting, er derimot om lag halvparten av landsgjennomsnittet.

Innovasjonsevne:

Gjennom innovasjonsundersøkinga for 200810 (SSB) gir bedriftene informasjon om marknads-, prosess- og produktinnovasjonar. Talmaterialet syner at Sogn og Fjordane er sterkast på prosess- og marknadsinnovasjonar. Bedriftene er jamt over godt plasserte samanlikna med landet elles (figur til høgre).

Går vi ned i materialet syner det seg elles at

- konserna er meir innovative enn einskildbedrifter
- gitt bransjesamansettinga i fylket syner fylket godt innovasjonsklima. HAFS-kommunane og Nordfjord kjem best ut
- Bedriftene syner god evne til samarbeid i verdikjeda. Dei samarbeider helst regionalt og nasjonalt og dei samarbeider helst med konsulentar, kundar og leverandørar




Entreprenørskap:

Elevane i Sogn og Fjordane kan syne til skuleresultat i landstoppen. Entreprenørskapsarbeidet i skulen (elevbedrifter i grunnskulen og ungdomsbedrifter i vidaregåande skule) vert vurdert som vellukka.

Likevel er viljen til å etablere nye bedrifter låg. Sogn og Fjordane er det dårlegaste fylket i landet når det gjeld tal nyetablerte verksemder. Figuren til høgre syner tal nyregistrerte føretak som del av eksisterande føretak.

Telemarksforsking forklarar Sogn og Fjordane si plassering med bransjestrukturen. Fylket har mange føretak i bransjar der det er mindre nyetablering, men også færre som legg ned drifta.

Stabilitet er eit stikkord for å karakterisere fylket.



Tilgang til kapital

Tilgang til offentlege verkemiddel for å legge til rette for næringsutvikling, er viktig. Nasjonale styresmakter varslar endringar som kan bli krevjande for å sikre ei positiv arbeidsplassutvikling i Sogn og Fjordane.

Tilgang til privat risikoviljug kapital er ei utfordring. Dette gjer utlåna til Innovasjon Norge desto viktigare, i og med at dei også kan løyse ut lån frå vanlege bankar.

Tilgang til konkurransedyktig infrastruktur

Konkurransedyktig infrastruktur er eit sentralt tema som er omhandla i fylkeskommunen sin regionale transportplan, skulebruksplanen og kort i verdiskapingsplanen (kapittel 6).

3 Overordna premissar

3.1. Nasjonale og internasjonale rammer

EØS-regelverket gir ei rekke formelle rammer. Konkurransereguleringa regulerer offentlege innkjøp og offentleg støtte til bedrifter. Utgangspunktet for reglane er å sikre sunn konkurranse.

EU har traktatfesta territorial utjamning. Gjennom EØS-avtalen set regionalpolitikken i EU viktige rammer for distrikts- og innovasjonspolitikken vår.

I regional planstrategi for Sogn og Fjordane har fylkestinget kvittert ut regjeringa sine "[Nasjonale forventningar til regional planlegging](#)". Staten ventar mellom anna vidare sentralisering, at kunnskap vert ein viktigare innsatsfaktor og legg vekt på at miljøutfordringane må vere ein premiss for planlegginga.

Saman med staten eig fylkeskommunane Innovasjon Norge. Staten og fylkeskommunane har forhandla seg fram til felles mål for arbeidet. Det er naturleg å sjå målsettingane for arbeidet til Innovasjon Norge som grunnlag for planarbeidet vårt:

- Fleire gode gründerar
- Fleire vekstkraftige bedrifter
- Fleire innovative næringsmiljø

Hausten 2013 fekk Noreg ny regjering. I omtalen av midlar for regional utvikling i revidert budsjett går det mellom anna fram at «innsatsen skal spisses mot innovasjon og nyetablering i alle deler av landet, og at midler til bedriftsrettede tiltak prioriteres».

3.2. Kva seier fylkestinget?

Fylkestinget har slått fast at den overordna utfordringa for fylket er folketalsutviklinga og har sett som mål at fylket skal ha 112 000 innbyggjarar i 2016.

Fylkestinget har utforma slike strategiar for å nå målet:

- Styrkje attraktiviteten til kommune- og regionsentra
- Styrkje utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse
- Styrkje grunnlaget for eit innovativt og konkurransedyktig arbeidsliv
- Styrkje rolla til frivillig sektor lokalt og regionalt
- Styrkje samhandlinga mellom stat, region og kommunar
- Styrkje merksemd om bruk av natur- og kulturarven som verdiskapar
- Styrka satsing på utbygging av infrastruktur
- Styrkje kompetanse og utdanning med basis i lokale og regionale behov

Arbeidsmåtar for det strategiske arbeidet:

- Etablere fleire og sterkare bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Byggje meir urbanitet og styrkje tilboda i tettstadane (regionsentra/kommunesentra)
- Utvikle kvalitet og kapasitet i offentlege tenester
- Auka utbygging av fysisk infrastruktur som breiband og vegar
- Gjennomføre prosjekt for styrka integrering og fast busetnad av midlertidig arbeidsinnvandring
- Skaffe seg kunnskap om natur- og ressursgrunnlaget som grunnlag for berekraftig bruk og vern
- Etablere handlingsretta strategiar innan prioriterte einskildområde

Fylkestinget har også sett i gang arbeidet med ein regional plan for folkehelse. Koplinga til verdiskapingsplanen er at folkehelseaspektet er viktig element i arbeidet med samfunnsansvar i arbeidslivet.

3.3 Samfunnsansvar

Samfunnsansvar har vorte eit viktigare element i strategien til bedrifter.

Samfunnsansvar er når bedrifta har eit systematisk tilhøve til omgjevnadene. Dette handlar om eigne tilsette og andre menneske, til dømes hos underleverandørar eller i lokalsamfunnet.

Samfunnsansvar handlar om klima og miljø, og om god forretningsskikk.



Sogn og Fjordane kan ta mål av seg til å bli ein føregangsregion innan arbeid med samfunnsansvar. Det vil bli arbeida med kriterium for samfunnsansvar og berekraft.

Viktig innhald slik omgrepet er definert i [stortingsmelding nr. 10 \(2008-2009\)](#):

Næringslivets samfunnsansvar i en global økonomi:

“Regjeringen legger til grunn en forståelse av samfunnsansvar som innebærer at bedrifter integrerer sosiale og miljømessige hensyn i sin daglige drift og i forhold til sine interessenter. Samfunnsansvar innebærer hva bedriftene gjør på en frivillig basis utover å overholde eksisterende lover og regler i det landet man opererer.”

EU-kommisjonens definisjon av samfunnsansvar (i norsk oversettelse) er “Et konsept der bedrifter integrerer sosiale og miljømessige hensyn i sin virksomhet og i sin interaksjon med sine interessenter på frivillig basis. Med det menes å være sosialt ansvarlig på en måte som ikke bare oppfyller juridiske forventninger, men også går utover det som forventes.”

4 Mål

Mål for det samla verdiskapingsarbeidet

Vekst i tal arbeidsplassar heng nøye saman med det overordna målet om auke i folketallet³. Årleg arbeidsplassvekst har vore 100 i året i perioden 2000–2012. [Prognosane for folketalsutviklinga fram mot 2025](#) tyder på at tal sysselsette vil vere uendra. Ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året krev 500 nyskapt arbeidsplassar for å kompensere for dei som går bort. Dette er eit ambisiøst mål. Dei store etterkrigskulla skal erstattast på arbeidsmarknaden. Det krev at fylket vert meir attraktivt både for arbeidstakarar og verksemdar.

Overordna mål for verdiskapingsplanen:

500 nye arbeidsplassar kvart år.

Eit slikt mål krev også at vi får større del i dei ekspansive tenesteytande næringane som

- telekommunikasjon
- informasjonsteknologi
- finansiell tenesteyting
- forretningsmessig tenesteyting

Kommersielle tenester retta inn mot sterke næringsmiljø i fylket, er ein veg å gå for å oppnå slik endring.

5 Strategi og viktige suksessfaktorar

Strategi handlar om vegval; om korleis partnarane i fylket skal nå overordna mål.

Kunnskap skaper verdiar. Kunnskap er den viktigaste drivaren for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane.

Vi skal bygge kunnskap gjennom ferdigheiter, yrkesfagleg kunnskap og akademisk kunnskap.

Ny kunnskap får vi tilgang til gjennom forskning, utdanning, rekruttering og ved å samarbeide både nasjonalt og internasjonalt.

Flinke folk er den viktigaste ressursen vår.

Hovudstrategien er derfor:

- Nyskaping basert på dei naturgjevne fortrinna vi har.
- Å vere attraktive for folk som vil skape arbeidsplassar.
- Ta kunnskapen i bruk.

Ungdommen er ei prioritert målgruppe. Innvandring gir samfunnet vårt nye impulsar.

Attraktive lokalsamfunn og godt fungerande bu-, arbeids- og sørvisområde er ein føresetnad for å rekruttere og halde på flinke folk.

³ Fylkestinget har sett 112000 innbyggjarar i fylket som mål for 2016. Det er ikkje sett måltal lenger fram i tid.

Det er ikkje tilstrekkeleg å bygge forskings- og utdanningsinstitusjonar og transportinfrastruktur. Det krev innsats for å omsetje grunnlagsinvesteringar i resultat; kunnskapen må bli teken i bruk.

Kva må til for å lukkast?


Skal vi lukkast, er vi også avhengige av gode rammevilkår. Nasjonal og europeisk politikk (EØS) må sikre

- distriktpolitikk som kompenserer for avstandsuremper
- regionalpolitikk for å sikre ulik tilpassing basert på styrken til eit fylke
- samfunnsansvar
 - God balanse mellom bruk og vern.
 - Ein konkurransepolitikk som bygger på sosialt ansvar.
 - Politikk som prioriterer realøkonomien.

Skal vi lukkast, må vi formalisere samarbeidet med kommunane.

6. Ansvar, satsingar og infrastrukturutvikling

Vi skal nå det overordna målet om arbeidsplassvekst gjennom slik innsats:



Nyskaping: Det offentlege skal utvikle evna si som god hjelpar.

Gode idear kjem heldigvis også utanom satsingane!

Kunnskap:

Ei bransjenøytrale satsing som også inkluderer offentlege tenester.

Bransjesatsingane: Utviklingsarbeid knytt til naturgjevne føremoner.

6.1 Kven følgjer opp verdiskapingsplanen?

Partnarskapen som tek ansvar for å følgje opp verdiskapingsplanen er

Petroleumsrådet

- Tek føre seg satsinga på olje og gass
- Desse er med:

- Fylkesordføraren er leiar
- Ein medlem frå hovudutvalet for plan og næring
- Ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren
- To fagpersonar som har god kunnskap om næringa

Næringsforum:

- Tek føre seg øvrige satsingar
- Desse er med:
 - Sogn og Fjordane fylkeskommune (leiing)
 - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 - NHO Sogn og Fjordane
 - LO Sogn og Fjordane
 - KS Sogn og Fjordane
 - Høgskulen i Sogn og Fjordane
 - NAV Sogn og Fjordane
 - Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

Næringsforum supplerer seg sjølv etter tema.

6.2 Grunngeving for innsatsen

Tilrettelegging for nyskaping

Mange av dei gode ideane framover kjem ikkje nødvendigvis der vi organiserer satsingar. Fylket må derfor ha eit apparat med verkemiddel som er i stand til å reagere raskt og vere ein god hjelpar.

Entreprenørskapsarbeidet har i mange år vore eit prioritert tema for utviklingsprogram. No er tida mogen til å la samarbeidet finne sin prioriterte plass i det daglege arbeidet i næringsapparatet.

Kunnskap

Noreg er eit høgkostland. Vi må konkurrere på høgt kunnskapsnivå. Denne satsinga er knytt opp mot hovudstrategien om å ta kunnskapen i bruk for å sikre konkurransekraft.

Fem bransjesatsingar

Satsingane er retta inn mot bransjar som baserer seg på dei naturgjevne føremonene i fylket. Dette er bransjar som ofte rasjonaliserer og reduserer tal tilsette. For mange av desse verksemdene er reduksjon i arbeidsstokken eit teikn på suksess. Dette kan verke som eit paradoks i høve målet om arbeidsplassvekst. Nedgangen i tal arbeidsplassar i industrien og i landbruket må bli erstatta av nye verksemdar.

Vi skal difor sjå nærare på ringverknader. Reiselivsnæringane, primærnæringane og industrien gir marknad for underleverandørindustri. Vi ønskjer å legge til rette for at rådgjevingnbransjen kan utvikle seg i samarbeid med dei sterke næringsmiljøa.

6.3 Det eksisterer strategidokument for landbruk

I [Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013–2016](#) har deltakarane i planarbeidet formulert mål og strategiar for matproduksjon, skogbruk/bioenergi, bygdenæringar og bygde- og lokalsamfunnsutvikling.

Etter planen skal Regionalt bygdeutviklingsprogram reviderast i 2016. Det vil då vere naturleg å knyte denne revisjonen opp mot verdiskapingsplanen, og til dei krava plan- og bygningslova set til utarbeiding og utforming av regional plan. Ettersom regjeringa tydlegare enn før signaliserer omstilling i landbruket, kan det vere aktuelt å arbeide med landbrukspolitikkk / vår satsing på landbruket alt frå årsskiftet 2014-15.

Innan nokre område, til dømes skogbruk, meiner partnerskapen at vi må ha eit vidare perspektiv. Dette kan i første omgang gjerast gjennom enkeltstående saker.

Arbeidet med bygdeutviklingsstrategien vert inntil vidare følgd opp gjennom ein årleg handlingsplan med tiltak. Arbeidet vert styrt gjennom ei arbeidsgruppe.

6.4 Infrastrukturutvikling

Omtalen som følgjer er avgrensa til oppgåver som har vorte løfta fram i prosessen med utvikling av satsingane i verdiskapingsplanen.

6.4.1 Kunnskapsinfrastruktur

Kunnskapsinfrastrukturen er omtala nærare under satsingsområde kunnskap. Vi viser også til skulebruksplanen for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, som vart vedteken i 2013.

God kunnskapsinfrastruktur er viktig for arbeidslivet. Fylkeskommunen vert oppmoda om å vidareutvikle samhengane mellom planlegginga av skulestruktur og verdiskaping. Ikkje minst vert partnerskapen oppmoda om å tenkje nytt om læring og bruk av ny teknologi. Følgjande er særleg viktig innan dei prioriterte plantema:

- Partnerskapen utviklar dei nære forskingsinstitusjonane ved å bruke dei. Dette gjeld særskilt Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane, men også Bioforsk og Høgskulen i Volda.
- Det bør utviklast eit samarbeid mellom høgskulen (eventuelt også høgare utdanningsinstitusjonar utanfor fylket) og vidaregåande skular om vidare- og etterutdanningstilbod. Ei slik utvikling krev digital infrastruktur.
- Bygge vidare på eksisterande strukturar for samarbeid i grunnopplæringa om etter og vidareutdanning.
- Tilgang til å ta utdanning ut over vidaregåande nivå i fylket har synt seg som viktig for å rekruttere godt kvalifiserte ungdommar til arbeid i fylket. Høgskulane i både Volda og Sogn og Fjordane er såleis viktige for oss.⁴

⁴ Aktuelt: Vi må ivareta interessene våre no når det er varsla ei strukturmelding om høgare utdanning våren 2015 der talet på utdanningsinstitusjonar skal vurderast.

- Formalisert samarbeid med næringslivet er viktig for å kunne tilby nye og etterspurnadsbaserte retningar som t.d. el-kraft, subsea, byggingeniør.
- Satsing på fornybar energi krev tilgang på faglært arbeidskraft. Vi treng å auke utdanningskapasiteten for elektro- og energimontørar. Det er venta at inntil 1/3 del av arbeidsstokken i næringa vil gå av med alderspensjon i løpet av den neste tiårsperioden.
- Satsing på sjømatnæringar krev vidareutvikling av utdanningssystemet. Det er ønskjeleg med formalisert samarbeid mellom vidaregåande opplæring og høgskule/universitet og mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet.
- Auka automasjonsgrad i produksjonslina (fiskeindustrien og anna industri) krev tilgang til fleire fagutdanna teknikarar og mekanikarar.
- Entreprenørskap må framleis ha ein sentral plass i vidaregåande opplæring og få ein viktigare plass i høgare utdanning.
- Landbruksnæringa er viktig for fylket. Næringa omstiller og effektiviserer. Utan ei attraktiv landbruksutdanning og ei aktiv landbruksrådgjeving vil rekrutteringa og innovasjonsaktiviteten bli sett tilbake.
- Petroleumsfaglege opplæringstilbod vert trekte fram i petroleumsanalysen. Dei to nye opplæringstilboda subsea-bachelor og brønnboring er viktige.



To vedtekne regionale planar som er viktige i arbeidet med verdiskaping

Skulebruksplanen har tre hovudpunkt:

- Kvalitet i opplæringa
- Gjennomføring
- Fag- og yrkesopplæring

Regional transportplan er ein langsiktig strategiplan for heile transportsektoren i fylket.



6.4.2 Samferdsleinfrastruktur

Det er naudsynt å vidareutvikle samferdslepolitikken med utgangspunkt i mål om verdiskaping og ønska samfunnsutvikling.

Gode løysingar innan kollektivtransport er viktige både sett ut frå miljøomsyn og ut frå ei vurdering av attraktivitet når folk skal velje kvar dei vil bu.

Næringslivet i Sogn og Fjordane produserer store varemengder. Gode hovudsamband nord-sør og austover er avgjerande. Meir gods bør over på båt ut frå miljøomsyn og trafikktryggleik. Kontroll med useriøse transportørar er ei viktig samfunnsoppgåve både for å sikre rettferdig konkurranse og ut frå omsyn til trafikktryggleik.

Vi har god tilgang til flyplassar, noko som er viktig for arbeidslivet. Avgiftssystemet bør ikkje vere til hinder for at ferskvarer i større grad kan fraktast med fly.

Ein hovudstrategi i verdiskapingsplanen er å ta i bruk kunnskap. Kunnskapssamfunnet krev større og meir samanhengande bu- og arbeidsområde slik at vi kan rekruttere kompetanse, og slik at kontaktflata mellom sterke næringsmiljø vert betra. Dette perspektivet er lagt til grunn og gjeve sterk vekt i regional transportplan (2013).

Vi ønskjer å styrkje kunnskapen om kva effekt ulike transporttiltak har for verdiskapinga. Slik kunnskap kan legge eit godt kunnskapsgrunnlag for framtidig transportplanlegging. Særleg ønskjer partnarskapen å analysere kva samferdsletiltak som har størst samfunnseffekt ved å knyte saman viktige næringsmiljø. Prioriterte tema er å

- knyte saman næringsmiljøa langs kysten
- utvikle større bu- og arbeidsområde

Dessutan bør analysearbeidet innehalde

- føresetnader skapte gjennom digital infrastruktur
- synergjar ved at arbeidskraftmarknader utfyller kvarandre
- trekk også inn attraktivitet gjennom betre tilgang til sørvis og fritidstilbod

6.4.3 Breiband og mobil infrastruktur

[Breibandstrategien frå april 2012](#) målber følgjande:

- Alle skal ha tilgang til andre generasjon breiband innan 2020.
- Dette inneber minst 100 Mbit/s begge vegar til næringsliv og offentleg sektor.
- Minst 30 Mbit/s nedstraums og 10 Mbit/s oppstraums til husstandar.

Svært mange løftar breiband fram som avgjerande viktig for konkurransesituasjonen. Nokre er avhengige av høg kapasitet. Næringane i utkantsamfunn peikar på dårleg dekning og problem med avanserte styringssystem. Eit godt breibandtilbod gir potensial for staduavhengige kompetansesarbeidsplassar, nye bedrifter, formidlingstenester, velferdsteknologi innan helse og omsorg, bærekraftig befolkningsutvikling og positivt omdøme.

Det kan i denne samanhengen nemnast at den nye regjeringa har sagt følgjande i regjeringsplattforma: «regjeringa vil sikre tilgang til høyhastighetsbredbånd i hele landet, med mål om hastighet på 100 Mbps». Frå 2014 er det ei ny ordning, som blir administrert av Post- og teletilsynet.

For å få maksimal utteljing på dei statlege midlane som vert lyste ut, ønskjer vi

- å forsterke det gode samarbeidet mellom kommunar og fylkeskommune, med Breibandforum som bindeledd:
 - Saman utforme store prosjekt som løyser ut statlege midlar.
 - Styrkje kommunane si evne til å initiere gode breibandprosjekt.
- å sikre snøgg og god gjennomføring av dei prosjekta som vi får midlar til:
 - Betre rådgjeving til kommunane (eventuelt utføre arbeidet for dei kommunane som ønskjer det).

- Utvikle gode samarbeid, der ein lærer av kvarandre og utviklar ein sams måte å gjennomføre arbeidet på (standardisere prosedyrar og dokument).

6.4.4. Ressursplanlegging / arealplanlegging

Næringsutvikling basert på bruk av naturressursar føreset god evne til å avvege bruk og vern. Dette føreset god kunnskap om ressursane og oppdaterte arealplanar på regionalt og lokalt nivå.

Ei utvikling av sjømatnæringane føreset god naturressursforvaltning og arealplanlegging. Gitt akseptable kostnader vert det sett i gang ei kartlegging av sjøareal i samarbeid med aktuelle kommunar. Kartlegginga skal skape grunnlag for god kystzoneplanlegging saman med kommunane.

6.5 Kva skal kommande generasjonar leve av?

I verdiskapingsplanen er tidshorisonten 2025. Spørsmålet som dukkar opp med jamne mellomrom er: «Kva skal vi leve av etter oljen?».

Eit anna spørsmål som kjem med jamne mellomrom er om lokalt eigarskap er betre enn å vere ein del av større selskap. Makta ligg ved hovudkontoret. Korleis skal vi sikre at viktige hovudkontor framleis finst i fylket vårt?

Så langt er det dei sterke bransjane vi fokuserer på når temaet er vekstkraft i fylket. Ei satsing på fornybar energi med underleverandørar, er døme på næringsmiljø der fylket kan ta ein endå sterkare posisjon enn i dag. Korleis sikre lokalt eigarskap og ringverknader for ressursane i havet?

Store globale utfordringar er omtala i avsnitt 2.1. *Sogn og Fjordane har ressursar som er viktige for framtida.*

Konkurransedyktige næringsmiljø kan også utvikle seg ved at næringsmiljø finn fram til bransjenøytral kunnskap som samnemnarar for klyngeutvikling. Kongsberg-klynga har til dømes vorte gode på å setje saman teknologi (system engineering). Fleire har teke til orde for at Sogn og Fjordane kan bli gode på å setje saman produkt/løysingar som kan prøvast ut i små og oversiktlege samfunn. Vi kan bli gode på å kombinere bruk og vern i ressursforvaltninga. Vi kan bli gode på å integrere ulike tenester ut frå brukarbehov (tenestedesign). Vi treng tid for å finne våre samnemnarar og å legge kunnskapsstrategiar for å utvikle desse.

Vi ønskjer å prioritere tid til slikt langsiktig analysearbeid. Tilrettelegging for nyskaping og ei satsing på kunnskap som er omtala i dei to neste kapitla, kan bli vidareutvikla med eit slikt siktemål.

DEL II Tilrettelegging og satsingar



7 Nyskaping, evne til å fange opp gode initiativ



Ungdomsbedrifta Taste of Måløy vann gull og sølv på NM for sjømatprodukt.

I tillegg til langsiktige planlagde satsingar, kjem det heldigvis mange og gode initiativ frå einskildpersonar og utviklingsmiljø. Då er det viktig at verkemidla er på plass, at verkemiddelpolitikken er gjennomtenkt, og at verkemiddelapparatet er godt førebudd. Initiativrike miljø og einskildpersonar må finne gode hjelparar. Dette avsnittet handlar om denne oppgåva; om det vi kan kalle «infrastruktur for nyskaping».

Tilrettelegging for nyskaping vert formulert som ei felles plattform for samarbeid om tilrettelegging. [Eit meir detaljert arbeidsgrunnlag ligg ved](#). Partane avtalar oppfølging av arbeidet.



7.1 Offentleg sektor

7.1.1 Mål/Kva ønskjer vi?

Partnerskapen ønskjer ein offentlig sektor som

- leverer gode tenester slik at Sogn og Fjordane blir sett på som eit attraktivt og godt fylke å bu i.
 - Frå barnehage og utdanningstilbod til helsestell, transporttilbod, integrering av arbeidsinnvandrarak og tilrettelegging for gjennomgangsbustadar.
- har gode strategiske planar som samlar fylket om ein felles innsats.
 - Oppdaterte arealplanar for å sikre balanse mellom utvikling og vern.

7.1.2 Dagens situasjon

Det offentlege tenestetilbodet i Sogn og Fjordane er jamt over bra. Det er neppe grunn til å tru at det er manglande tenestetilbod frå det offentlege som held folketalet i fylket nede eller bremsar utviklinga i næringslivet.

Næringslivet ønskjer seg oppdaterte arealplanar slik at arealbruk og utbygging vert avklara raskt. Arealplanar som legg til rette for utvikling av havbruksnæringane må ofte utviklast på tvers av kommunegrensar.

Vel 10 prosent av arbeidsstokken vår er arbeidsinnvandrarak. Flike arbeidstakarak utanfrå er ein nøkkel til utvikling innan næringslivet og befolkningsvekst i kommunane. Ei undersøking som er gjort av Møreforskning syner at få av kommunane er opptekne av arbeidsinnvandring i kommuneplanane sine.

Offentleg innsats har synt seg naudsynt for å få fortgang i utbygging av breiband i delar av fylket. Kommunane har ei nøkkelrolle i dette arbeidet, men har varierende kompetanse og kapasitet til å organisere den offentlege breibandinnsatsen.

Over halvparten av bedriftene i fylket leverer varer/tenester til offentlig sektor, og aller størst er andelen innan bygg og anlegg. Det kan vere krevjande for mindre bedrifter å stette krava i utlysinga og samstundes vere konkurransedyktige på pris. Bedriftene må søke saman i leverandørsamarbeid.

Tilgang til gjennomgangsbustadar er viktig. Dette er ei kommunal oppgåve. Hamarøy kommune i Nordland har fått til bustader til både utleige og eige, gjennom eit tett samarbeid med private utbyggjarar. Ved å gje langsiktige leigegarantiar for eit visst tal bustadar som er tiltenkt bustadsosiale føremål, har kommunen redusert risikoen for private utbyggjarar.



Firda 4/2 2014

7.1.3 Kort oppsummering

Partnerskapen legg følgjande til grunn:

- Partnerskapen medverkar slik at kommunane og dei andre offentlege aktørane kan ha oppdaterte planverk.
- Vi gjer ein felles innsats for å integrere arbeidsinnvandrarane.
- Vi styrkjer evna vår til å planlegge og gjennomføre breiband-prosjekt.
- Vi hjelper lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige.
- Vi må utforme anbod slik at lokale leverandørar kan nå opp
- Vi formidlar eit etterutdanningstilbod som kan takast der folk bur og arbeider.
- Vi legg til rette for fleire gjennomgangsbustadar.

7.2 Eit enno betre næringsapparat

7.2.1 Mål – kva ønskjer vi?

Vi vil ha eit velfungerande og oversiktleg næringsapparat, som er gode hjelparar for eksisterande næringsliv, og som får fram fleire og betre etablerarar.

- Eit korps med samordna hjelparar som i sum utfyller einannan, og som har ei klar rolledeling seg imellom.
 - Som arbeider oppsøkjande; ikkje minst for å få til vekst i eksisterande bedrifter.
 - Som har kompetanse til å rettleie og få oversikt til å syne vidare til andre aktørar i næringsapparatet.
 - Som står fram oversiktleg, der brukaren lett forstår kvar han eller ho skal vende seg.

7.2.2 Dagens situasjon

Det samla næringsapparatet kan bli oppfatta som uoversiktleg. Etablerarar og mindre bedrifter kan i utgangspunktet halde seg til kommunane/næringssselskapa og Innovasjon Norge. Der skal dei få dei gode råda dei treng eller også bli synte vidare til andre aktørar i næringsapparatet.

Kring 60 prosent av bedriftene våre har 1–4 tilsette. Desse bedriftene har ofte liten administrativ kapasitet til å drive utviklingsarbeid.

Kommunane har valt ulike former for organisering av næringsapparatet:

- Eigen næringssjef/administrasjon
- Næringssselskap saman med næringslivet
- Interkommunale næringssselskap

Med val av større, interkommunale einingar, ynskjer kommunane å oppnå

- betre kapasitet i næringsapparatet
- betre kompetanse og spesialisering



Vi får stundoms høyre at dei som utviklar «nye næringar» slit med å bli forstått i næringsapparatet og har vanskar med finansieringa. Dette siste kan også skuldast at bankane vanlegvis etterspør pantetryggleik lån.

Prosjektet Kommunal næringsutvikling, som er organisert og gjennomført av partnerskapen, arbeider systematisk med å styrkje kompetansen i næringsapparatet, mellom anna gjennom:

- samling med ulike tema på dagsorden, til dømes kommunale næringsfond
- kurs i alt frå sakshandsaming, prosjektarbeid, innkjøp og statsstøtteregelverket til vekststrategiar og forretningsmodellering
- høgskulekurs i næringsutvikling

Nettstaden <http://www.driftig.no> skal mellom anna gjere det lettare å finne rett kontaktperson i kommunar og næringssselskap. Marknadsføringa av driftig.no skal styrkast.

7.2.3 Kort oppsummering

Partnerskapen legg til grunn følgjande med tanke på næringsapparatet:

- Eit næringsapparat som arbeider meir oppsøkande.
- Vi skal styrkje kompetansen i næringsapparatet.
- Vi skal forenkle næringsapparatet og styrkje kapasiteten.
- Vi skal styrkje koordineringa mellom dei ulike næringsaktørane.
- Vi skal utvikle regional beredskap for utvikling av «nye næringar».
- Vi skal formidle eit meir oversiktleg næringsapparat.

7.3 Legge til rette for entreprenørane

7.3.1 Mål – kva ønskjer vi?

Hovudmålsetjinga med ei satsing på entreprenørskap er at det skal vere like naturleg å skape sin eigen arbeidsplass som å søkje jobb i ei eksisterande bedrift.

7.3.2 Dagens situasjon

I analysekapitlet er det slått fast at fylket er gode på ungt entreprenørskap, men at vi også er på botn når det gjeld etablering av nye verksemder. Nyetablerte bedrifter klarar seg godt samanlikna med landet elles.

7.3.3 Kva gjer vi – vegval

Det eksisterer gode strukturar og verkemiddel for entreprenørskapsatsinga i fylket. Desse må i større grad synleggjerast og vere tilgjengeleg for potensielle brukarar.

7.3.4 Kort oppsummering

Det er viktig å arbeide vidare med haldningsskapande arbeid for å få fleire til å satse på eiga bedrift, frå barnehage til høgskule. Arbeidet med entreprenørskap har frå 2006 til og med 2012 vore organisert gjennom eit programarbeid. Eit eige entreprenørskapsutval leverte våren 2013 [fagrapporten «Entreprenørskap i Sogn og Fjordane»](#). Rapporten syner ei rekkje mål, strategiar og konkrete tiltak, og kven som naturleg skal ha ansvar for å gjennomføre desse tiltaka. Partnarskapen legg til grunn at delar av rapporten går inn som bidrag til arbeidet med entreprenørskap.

Måla er

- å skape kultur for bedriftsetablering
- at alle elevar i Sogn og Fjordane skal ha god opplæring i entreprenørskap i det 13-årige opplæringsløpet
- å vidareføre lovande forretningsidear innan elev-, ungdom- og studentbedrifter
- at alle potensielle nyetableringar skal ha tilgang til og informasjon om kurs, kompetansehevingstiltak og dei ulike verktøya som eksisterer
- at etablerarar skal ha tilgang til arenaer der dei kan danne nettverk
- at vekstbedrifter skal få synleggjort tilgang til nettverk, kapital og kompetanse
- å stimulere etablerte småbedrifter til vekst og knoppskyting



SGN skis AS vart stifta sommaren 2012 av fire skikøyrarar frå Sogn: Torgeir Sværen Henjum og Tore Frimanslund (biletet), Steinar Nes og Dagfinn Henjum Sværen. Forhistoria til selskapet strekk seg tilbake til 2005 då Tore og Torgeir laga ski i eit nedlagt kontorlokale på Leikanger. I dag er produksjonen flytta utanlands, og SGN skis kan tilby fire skimodellar for sal. Foto: Håvard Nesbø

7.4 Verkemiddelpolitikk

7.4.1 Mål – kva ønskjer vi?

Verkemidla frå dei ulike aktørane må utfylle kvarandre der privat og offentleg kapital samspelar godt. Dei finansielle og kunnskapsretta verkemidla må også utfylle kvarandre, og vi må ha ein god balanse mellom bedriftsretta og tilretteleggande innsats.

Etablerarar i fylket må ha tilgang til dei rette verkemidla i dei ulike fasane. Desse fasane vert ofte omtala som

- idé- og oppstartfase
- pre-så Kornfase (inkubatorfase)
- så Kornfase
- tidleg vekstfase

Og vi må ha ein verkemiddelpolitikk som støttar opp under ambisjonane om

- fleire og betre etablerarar
- vekst i eksisterande bedrifter, ikkje minst dei mange småbedriftene
- betre samarbeid mellom bedriftene (nettverk og leverandørsamarbeid)
- fleire robuste næringsmiljø

7.4.2 Dagens situasjon

Regjeringa har som mål at dei næringsretta verkemidla skal vere blant dei beste og mest framtidretta i verda. Dette skal bidra til at vi skal ligge i tet innan kunnskap, teknologi og verdiskaping. Dei direkte verkemidla skal bidra til å løyse ut lønsame prosjekt som elles ikkje ville blitt realiserte.

Dei ulike fasane

I idé- og oppstartfasen får etableraren tilbod om både kapital, kurs og rådgjeving. Etableraren møter som regel først næringsapparatet i eigen kommune.

I pre-så Kornfasen (inkubatorfasen), skal bedrifter få hjelp til å utvikle innovasjonsbedrifta ved bruk av kompetanse og nettverk.


Så Kornfasen er den vanskelege mellomfasen, fasen etter støtte frå Innovasjon Noreg og fram til den fasen etableraren kan klare å få venturekapital. I denne fasen er det kritisk med kapital frå profesjonelle investorar.

Så Kornkapital er midlar frå fond som investerer i tidlegfasebedrifter og er kjenneteikna med høg risikovilje. Så Kornkapital har vore etterlyst i mange år av norske gründerar. Dette er fasen som ofte vert referert til som «blodbadet» fordi kostnadene er høge, gjerne fordi produktet ikkje er ferdigutvikla, og gründeren har normalt ikkje høge nok inntekter.

Av og til har så Kornkapitalfonda konkurrert med Venturekapitalfonda, og såleis har ikkje så Kornfonda ønska å gå inn i «blodbadet» nettopp på grunn av høg risiko.

I tidleg vekstfase er gründeren og bedrifta utvikla nok til at profesjonelle investorar torer å satse kapital. Venturekapital selskap tilbyr eit spekter av investeringar, alt frå å starte opp idear frå botnen av, finansiere spin-off frå moderne bedrifter, til å finansiere rask

internasjonal ekspansjon av eit suksessfullt heimeprodukt. Felles for venturekapitalfonda er at dei ser etter marginar, vekstpotensial og menneska bak.



7.4.3 Kva gjer vi

Partnerskapen legg til grunn følgjande

- Det må arbeidast aktivt for å styrkje tilgangen til risikoviljug eigenkapital, der vi i større grad prøver å kople kapitaleigarar med etablerarar/mindre bedrifter.
- Vi bør bearbeide aktuelle investorar med interesse for fylket.
- Arbeid med å påverke haldningar hos både kapitaleigar og småbedrift:
 - Selje inn verdien av at kapitaleigarar satsar på nye næringar.
 - Selje inn kor avgjerande det kan vere for ei småbedrift å gje slepp på noko av eigartilhøvet – for å skaffe kapital til å vekse.
- Vurdere eit fond som kan investere utan å bli målt berre på krav til avkastning. Dette er eit supplement til dei fonda som Fjord Invest har i dag, og bør administrerast av Fjord Invest eller tilsvarande.
- For å stimulere til innovasjon og vekst i småbedrifter bør vi prøve å tilpasse tilboda innan innovasjon og FoU til mindre bedrifter
- Dette gjerne i kombinasjon med ei utvida mentorordning, der ein erfaren rådgjevar også kan hjelpe småbedrifter.
- Det vert lagt til grunn ei ordning med lokale mentorar. Vi bør drøfte ei vidareutvikling av den mentorordninga som Innovasjon Norge tilbyr i dag.
- Vi må i større grad må oppsøke næringslivet og få dei til å sjå muligheiter i formaliserte nettverk. Næringsapparatet bør ha kunnskap og verktøy for å legge til rette (jf [innovasjonsforskning i fylket](#)).
- Med tanke på forretningsmessig tenesteyting og dei nye næringane ser vi at vi har bra virkemiddel, men får inn for få søknader. Løysinga ligg i å mobilisere og legge til rette for gode næringsmiljø.

8 Satsing på kunnskap



Foto: Jo Bergersen

8.1 Utgangspunktet

Sogn og Fjordane har innbyggjarar med god kompetanse. Vi snakkar då om **kunnskapar, haldningar, erfaringar og ferdigheiter**. Vi har ikkje dei med høgast formell utdanning, men vi har erfaring og ferdigheiter og evne til å samarbeide. Vi opplever at det er gjensidig respekt mellom praktisk fagkunnskap og teoretisk innsikt. Det er i ei god kopling mellom desse at nyskaping skjer.

Internasjonal konkurranse og stadig raskare teknologisk utvikling set krav til oss om å bli enno betre i stand til å utvikle og nytte kunnskap og kompetanse. Viktige samanhengar:



Tre ulike dimensjonar i satsinga:

- *Produksjonen av tenester innan opplæring og forskning / private kunnskapstenester*
- *Kunnskap som ein innsatsfaktor for endring (føresetnad for innovasjon)*
- *Kunnskapsinfrastrukturen; institusjonane, finansieringa, digitale løysingar m.m.*

Stadig oftare bør vi snakke om *deling av kunnskap* heller enn å halde på biletet av nokon som formidlar og andre som tek i mot kunnskap. Eit konstruktivt samspel mellom eit utviklingsorientert arbeids- og næringsliv og utdanningsinstitusjonane våre på eit slikt grunnlag er ein ønska situasjon.

- Opplæring må ha *eit livslangt perspektiv* på grunn av dei raske samfunnsendringane.

- *Digital infrastruktur* legg grunnlag for å tenkje nytt om læring. Streaming og anna bruk av moderne teknologi gir føresetnader for å bruke lokale fagekspertar meir fleksibelt. Nettstudentar kan vere tradisjonelle studentar, men like gjerne tilsette i arbeids- og næringslivet som ser fleksibilitet som ein føresetnad for å studere utan å reise langt, ta fri frå jobb eller vere borte frå familien over lengre tid.
- *Tilgang* til relevant og oppdatert kunnskap er ein avgjerande føresetnad for at vi skal lukkast. Vi må evne å komme rundt barrierar i høve til geografiske avstandar, ein utfordrande infrastruktur og spreidd busetnad.
- I tillegg til tilgang, er vi avhengige av eit arbeids- og næringsliv som *etterspør* kunnskap. Analyser basert på SSB sin innovasjonsundersøking av 2010 syner at bedriftene helst samarbeider med konsulentar, kundar og leverandørar.
- Kunnskap og impulsar vert også gjort tilgjengeleg gjennom
 - kontakt bedrifter imellom
 - gjennom utveksling; t.d internasjonal ungdomsutveksling
 - gjennom rekruttering
 - i utdanningsinstitusjonane sitt samarbeid med arbeidslivet.

Ei nærare utdjuing ligg ved i form av [framlegg frå ei arbeidsgruppe](#)

8.2 Målsetting

Kunnskapssatsinga skal ha innovasjon som siktemål. Kunnskap vert såleis ein viktig drivar for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane.

Visjonen er; **kunnskap skaper verdier!**

Satsinga har slike overordna mål:

- *Styrkje kvalitet, relevans og tilgang på forskning og utdanning, slik at næringsliv og offentleg forvaltning i Sogn og Fjordane får auka nytte av kunnskapen*
- *Tal arbeidsplassar innanfor dei kunnskapsintensive næringane aukar gjennom utvikling av robuste næringar (kunnskapsklynger) i Sogn og Fjordane*
- *Offentlege kompetansemiljø og kunnskapstenester medverkar til å styrkje bedrifter og bransjar sine utviklings- og verdiskapingsmulegheiter*
- *Gjennom ein målretta dialog mellom industrien, FoU- og utdanningssystemet og offentlege styresmakter avdekkar vi framtidige kompetanse- og arbeidskraftbehov – og skaper oss slik eit konkurransefortrinn i kampen om både norsk og utanlandsk arbeidskraft*
- *Vi sikrar rekruttering og tilgang til sterke søkjarar til kunnskapsintensive stillingar ved å synleggjere sterke fagmiljø, heile utdanningsløp og attraktive og integrerande lokalsamfunn*

Målsettingane har kunnskapsdeling som samnemnar. Kvaliteten i samhandlinga kan vi måle gjennom jamlege spørjeundersøkingar. Resultatmål vil bli knytte opp mot at partane vurderer innsatsen som nyttig for seg.

For å sikre at oppfølginga av kunnskapssatsinga har siktemål om å skape verdier, vil vi nytte Statistisk Sentralbyrå si jamlege innovasjonsundersøking til å overvake utviklinga. Sogn og Fjordane er oversiktleg og bør ta mål av seg til å høyre til den beste tredjedelen av fylka i landet.

8.3 Aktivitet for å nå målet

Måloppnåing innan eit så breitt tema som kunnskap krev leiarengasjement som sikrar breidda i arbeidet; jf. figuren og dei tre dimensjonane nemnde ovanfor.

Ny teknologi kan vidareutviklast slik at tenester frå vidaregåande opplæring og høgskulen vert betre koordinert i høve ungdom under utdanning og brukarane i arbeidslivet.

Møteplassar er avgjerande viktige for å avklare både trong for opplæring og for forskning. Røynsler tilseier at å organisere dialog som skal femne om «alt» kan bli opplevde som lite matnyttige. Satsingsområdet Kunnskap vert konsentrert om fellestiltak (inkl. kunnskapsinfrastruktur).

Utforming av møteplassar for å få til dialog om kunnskapsutvikling vil i første omgang bli prioriterte innan dei bransjeretta satsingane. Det er særleg viktig at næringslivet vert betre kjende med forskings- og utdanningsmiljøa i regionen. Dei nære forskingsmiljøa må ta ei tydeleg rolle som «bru» ut mot nasjonale og internasjonal forskning.

Ny kunnskap kan arbeidslivet også skaffe seg ved rekruttering av kompetente folk. Attraktive bu- og arbeidsområde er ein nøkkelfaktor.

Tilgang til kunnskap vil også bli betra ved ei satsing på kunnskapsintensive tenesteytande næringar. Desse næringane vert ofte lokalisert i regionsentra. Det er særleg viktig at kommunane Sogndal og Førde er samarbeidspartar i ei satsing på dei kunnskapsintensive tenesteytande næringane.

Struktur på satsinga på kunnskap med ansvars plassering:



Program «Ta kunnskapen i bruk»

Grunngjeving:

Kvaliteten i samhandlinga mellom tilbydar og etterspørjarar etter kunnskapsteneter må bli vidareutvikla. Vi hentar inspirasjon frå fagfeltet tenestedesign der brukaren står i sentrum for utvikling av tenester. Programmet skal vidareutvikle det vi kan kalle kunnskapsinfrastruktur.

Målsettingar:

- Styrkje *kvaliteten* og *relevansen* på forskning og utdanning, slik at næringsliv og offentlig forvaltning får auka nytte av kunnskapen. Betre samsvar mellom tilbod og etterspørsel
- Gjere kunnskapen i FoU- og utdanningssystemet lettare *tilgjengeleg* for arbeids- og næringsliv m.a. gjennom bruk av ny teknologi.

Rekruttering

- Legge betre til rette for utanlandsk arbeidskraft.
- Trekkje talenta og høgt utdanna arbeidskraft til fylket.
- Styrkje fag- og yrkesopplæringa
- Synleggjere attraktive fagmiljø og attraktive samfunn.

Innsatsen handlar om å utvikle infrastruktur. Det er spesielt viktig å styrkje forskingsmiljøa i fylket. Resultat skal identifiserast gjennom spørjeundersøkingar. Framtidsbiletet er at næringslivet i fylket er meir *medvite*, *prioriterer* og *nyttar* større ressursar på kompetanseutvikling i eigne verksemder gjennom FoU- og utdanningstilbod, enn i dag. Dei nyttar FoU-, utdanningssystemet og private og offentlege kunnskapsleverandørar. Sogn og Fjordane er i leiarsjiktet i å nytte ny teknologi i samband med opplæring. Arbeidslivet er gode på rekruttering.

Avtale: Utvikling av privat kunnskapsintensiv og kreativ tenesteyting

Grunngjeving:

Desse bransjane har god sysselsettingsutvikling nasjonalt, med godt betalte og attraktive arbeidsplassar. Sogn og Fjordane må få ein større del av desse arbeidsplassane for å nå målet om arbeidsplassvekst. Privat kunnskapsintensiv og kreativ tenesteyting har ringverknader.

Bedriftene er viktige kunnskapsleverandørar for offentlig sektor og for industrien og primærnæringsmiljøa. Tilsvarande er våre sterke industri- og primærnæringsmiljø viktige for å ha tiltrekkingskraft på tenestesektoren.

Målsetting:

- Auke verdiskapinga innan privat kunnskapsintensiv og kreativ tenesteyting i Sogn og Fjordane, slik at verdiskapinga samsvarer med landsgjennomsnittet.

Retningslinjer:

Om å dele kunnskap:

- Offentlege kompetansemiljø leverer kunnskapsbaserte tenester og medverkar til å utvikle forretningsidear. Dette er ikkje minst viktig i samband med innkjøp.
- Innovasjon Norge prioriterer finansiering av kunnskapssamarbeid mellom små og mellomstore bedrifter («kunnskapsnav»). Aktuelle behov er leiarutvikling, økonomitenester, IKT-tenester og administrative funksjonar.
- Sogn og Fjordane som føregangsregion innan arbeid med samfunnsansvar.

Viktig politisk problemstillingar

- Utflytting av statlege arbeidsplassar; mellom anna for å styrkje næringsmiljø.

- Utvikling av opplæringsinfrastrukturen:
 - Ved hjelp av ny teknologi.
 - Ved betre samspel mellom vidaregåande opplæring og høgare utdanning.
- Det vert signalisert frå regjeringa ønskje om større universitets-høgskule einingar. Vi må overvake kva konsekvensar dette får for nærleik forskning – arbeidsliv.

9 Satsing på fornybar energi



Foto: Kirsti Horne/Sogn og Fjordane fylkeskommune

9.1 Utgangspunktet

Sogn og Fjordane har eit godt utgangspunkt som «fornybar energi-fylke». Innan vasskraft er det høg verdiskaping. Distribusjon av kraft bidreg også til ei stor verdiskaping i fylket. Sysselsetjinga her er nær 74 prosent av sysselsetjinga innan produksjon av vasskraft. Forventa tal årsverk ligg på om lag 85–90 prosent av tal tilsette, altså om lag 640–680 årsverk. Kvinneandelen innan denne industrien ligg på ca. 15 prosent.

Av andre fornybarområde med stor verdiskaping, peikar solenergi seg ut gjennom industriverksemdene Norsun og Elkem Bremanger. Totalt har desse ca. 214 tilsette knytta til produksjon av industriprodukt som vert nytta innan solindustrien.

Kraftbalansen i Sogn og Fjordane syner at vi har eit overskot på 7 TWh som må eksporterast. For samanlikning: Dette er det same som 14 Alta-kraftverk. Kraftkrevjande industri står for $\frac{3}{4}$ delar av forbruket i Sogn og Fjordane. Det er usikkert om forbruket i fylket vil auke vesentleg.

Stort potensiale innan vasskraft og vindkraft

SFE Nett AS kartla i 2011 konkrete planar for kraftutbygging. Kartlegginga viste at det var 370 moglege prosjekt. Legg ein til aktuelle planar for større vasskraftutbyggingar er det høgaste scenarioet rekna ut til 1700 MW/5,1 TWh ny vasskraft. I tillegg kjem konsesjonssøkte og melde planar for landbasert vindkraft på om lag 1200 MW/3,2 TWh og meld plan for offshore vindkraft på 1080 MW/4,5 TWh.

Det er søkt om eller godkjent over 2 TWh vasskraft som enno ikkje er utbygd. Total investeringskostnad for denne er minimum 7 milliardar. Lokale leveransar kan utgjere 50

prosent av dette, altså minst 3,5 milliardar. Det skal i tillegg investerast minimum 1 milliard i nye nett.

Eit overslag tilseier ei utbygging av inntil 400 MW vindkraft. Dette kan gje lokale leveransar på om lag 720 millionar kroner i byggjefasen. Ideelt sett skal alle desse utbyggingane gjennomførast i løpet av ein sjuårsperiode.

I driftsfasen vil desse utbyggingane gje driftskostnader med potensielle lokale leveransar på inntil 40 millionar kroner for vasskraft og inntil 120 millionar for vindkraft.

Kor raskt og i kor stort omfang desse utbyggingane kjem, avheng av nasjonale føringar, konsesjonar, skatteregime, avskrivingsreglar, handsamingstider, andre politiske føringar og vedtak, og til slutt reine bedriftsøkonomiske vurderingar av utbyggjar.

Marknaden må karakteriserast som labil. Talmaterialet ovanfor må lesast med eit slikt utgangspunkt.

Vi kan summere opp status innan fornybar energi i fylket slik:

	Ansatte	Verdiskaping 2012	Verdiskaping 2011	Verdiskaping 2010	Verdiskaping 2009	Verdiskaping 2008
Totalt Produksjon av elektrisitet fra vannkraft	396	693 836	893 020	819 256	883 214	722 176
Totalt Distribusjon av elektrisitet	292	163 979	89 768	196 105	160 662	123 880
Totalt Handel med elektrisitet	54	43 541	49 444	33 143	40 575	43 215
Totalt Damp- og varmtvannsforsyning	6	2 312	859	1 743	1 140	763
Totalt Produksjon av elektrisitet ellers (Bølgekraft)	1	386	130	-45	0	0
Totalt Produksjon av gass	1	0	0	0	115	-9 225
Totalt Produksjon av elektrisitet fra biobrensel, avfallsforbrenning og deponigass	2	-106	-26	-227	50	-38
Totalt Produksjon av elektrisitet fra vindkraft	5	-502	-4 913	-6 605	-5 893	-7 128
SUM	757	903 446	1 028 282	1 043 370	1 079 863	873 643

Økonomiske tal er berre frå verksemdar som er registrerte med adresse/hovudkontor i Sogn og Fjordane, og som er pliktige til å levere rekneskap til Brønnøysund. I praksis er dette i all hovudsak aksjeselskap. Når det gjeld tal tilsette har vi óg med eit breiare grunnlag.

Vi har verksemdar som produserer og leverer fornybar energi innan vasskraft, vindkraft, bioenergi (både elektrisitet og varme) og fjordvarme. I tabellen over har vi også med ei verksemd innan bølgekraft som pr. i dag er på FoU-stadiet. Leverandørindustri til desse fornybarteknologiane er ikkje med i tabellen.

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (vasskraftplanen) og Regional plan for vindkraft (vindkraftplanen) legg føringar for handsaming av vasskraft- og vindkraftutbygging i fylket.

Vasskraft og både landbasert og offshore vindkraft er analysert nærare i [framlegget frå eiga arbeidsgruppe](#).

Analysar for dei andre fornybare energiteknologiane er vert kort omtala her:

Ved utbygging av anlegg for **fjordvarme og bioenergi** er det stort potensial for lokale leveransar. Det ligg ikkje inne nye søknader om konsesjon for slike anlegg i fylket. Teoretisk er potensialet stort både nasjonalt og internasjonalt. Leiande verksemdar i Norge innan fjordvarme er lokaliserte i Sogn og Fjordane (Nordfjordeid).

Innan **bølgekraft** har vi i dag ei verksemd som er i ein utviklingsfase. Det er i dag ingen nasjonal marknad for bølgekraftanlegg, men det finst ein internasjonal marknad. Ein er i

dag avhengig av subsidiar for at produksjon av elektrisitet frå bølgekraft skal vere lønsamt.

Innan **solenergi** er det ingen produksjonsbedrifter. Vi har to industribedrifter som leverer til den internasjonale solcelleindustrien. Disse er sterkt konkurranseutsette. Bak desse står sterke nasjonale/internasjonale eigarar.

9.2 Målsetting

Overordna mål:

Auke lokal verdiskaping gjennom framtidsretta samarbeid og kunnskap

Måleindikatorar	2013	2017	2021	2025
Totalt tal tilsette innan produksjon, distribusjon og handel med fornybar energi.	760	760	760	760

Målsetjinga er å oppretthalde talet på arbeidstakarar i næringa innan produksjon, distribusjon og handel med fornybar energi på dagens nivå. Dette kan synest som ei låg målsetjing, men frå bransjen si side er dette sett på som ei målsetjing som ein må strekke seg etter. Den auka produksjonen som vil komme, vil gje auka verdiskaping gjennom sal av meir kraft, men det er venta at både produksjon, distribusjon og handel framleis vert effektivisert.

Eit viktig poeng er at det no kjem eit generasjonsskifte i bransjen. Nær 1/3 del går av med alderspensjon dei neste ti åra.


Innan andre fornybarteknologiar er det óg noko aktivitet, men denne er i samanlikning liten.

Viktig meirverdi av ei satsing på fornybar energi er reduserte klimautslepp.

9.3 Aktivitet for å nå målet

I arbeidet med fornybar energi set vi søkjelyset på dei områda og tiltaka som vi regionalt og lokalt har størst påverknadskraft på og styring med. Vi prioriterer korleis vi skal gjere lokale leverandørar best i stand til å levere mest mogeleg i samband med utbyggingane innan fornybar energi i Sogn og Fjordane. Lokale leverandørar må gjerast i stand til å levere varer og tenester innan vedlikehald og drift av anlegg for fornybar energi.

Det vert framleis arbeid med struktur og ansvars plassering



Program for leverandør- og industriutvikling

I løpet av ein sjuårsperiode reknar vi med at det vert bygd vasskraftverk med ein total investeringskostnad på minimum 7 milliardar kroner. Lokale leveransar kan utgjere 50 prosent av dette, altså minst 3,5 milliardar. I tillegg skal det investerast minimum 1 milliard i nye nett.

Eit fornuftig anslag tilseier ei utbygging av 400 MW vindkraft. Dette kan gje lokale leveransar på om lag 720 millionar kroner i byggjefasen. I driftsfasen vil desse utbyggingane gje driftskostnader med potensielle lokale leveransar på inntil 40 millionar for vasskraft og inntil 120 millionar for vindkraft.

Det vert i første omgang etablert eit program for leverandør- og industriutvikling basert på delmål 1 og 2 nedanfor.

Delmål 1:

Auke lokale leveransar knytte til utbygging av fornybar energi gjennom leverandørutvikling og etablering av nye samarbeidskonstellasjonar.

Dette delmålet er retta mot å nytte utbyggingane innan vasskraft, vindkraft og nett til å legge til rette for at lokale verksemdar kan utvikle seg og å bli i stand til å hevde seg nasjonalt og internasjonalt om dei ønskjer det. Isolert sett vil ein auke i lokale leveransar uansett gje stor auke i verdiskapinga i regionen.

Måleindikatorar	2014	2017	2019	2022	2025
Omsetnad lokale leverandørar nye prosjekt i Sogn og Fjordane i % av total prosjektkostnad vasskraft					
- Småkraftverk (< 10MW)	50 %	+ 1 Prosent-poeng	+ 1 Prosent-poeng	+ 1 Prosent-poeng	+ 1 Prosent-poeng
- Større kraftverk (> 10 MW)	13 %				
Omsetnad lokale leverandørar i nye prosjekt i Sogn og Fjordane i % av total prosjektkostnad vindkraft	Min. 15 %	+ 0,5 Prosent-poeng	+ 0,5 Prosent-poeng	+ 0,5 Prosent-poeng	+ 0,5 Prosent-poeng
Omsetnad lokale leverandørar i nye prosjekt i Sogn og Fjordane i % av total prosjektkostnad nett	Min. 35 % ⁵	+ 1 Prosent-poeng	+ 1 Prosent-poeng	+ 1 Prosent-poeng	+ 1 Prosent-poeng

Delmål 2:

Auke lokale leveransar knytte til drift og vedlikehald gjennom leverandørutvikling.

Dette delmålet er retta mot å auke lokal verdiskaping innan drift og vedlikehald knytt til vasskraft, vindkraft og nett, og då spesielt nytte dei utbyggingane som no skal skje som drivkraft i denne utviklinga.

Det er vanskeleg å finne gode generelle måltal, og vi bør bruke tal frå dei prosjekta som vert sette i gang.

Dette er dei viktigaste tiltaka som skal gjennomførast i ein fireårig handlingsplan:

- Etablere kultur for samarbeid mellom aktørar i bransjane, både privat og offentleg sektor.
- Program for leverandørutvikling vasskraft innan utbygging, drift og vedlikehald.
 - Ulike tilbod innan kvalifisering/sertifisering
 - Bedriftsnettverk

⁵ Tal frå SFE tilseier at mellom 30 – 40 % av leveransane er lokale (frå Sogn og Fjordane), inkl SFE sine egne leveransar i prosjekta.

- Program for leverandørutvikling vindkraft innan utbygging, drift og vedlikehald.
 - Samarbeide og vidareutvikle pågåande prosjekt gjennom Vindkraftforum
- Program for leverandørutvikling nett innan utbygging, drift og vedlikehald.
 - Ulike tilbod innan kvalifisering/sertifisering
 - Bedriftsnettverk

Delmål 3:

Innovasjon og industriutvikling med fokus på auka bruk av eigne energiressursar.

Innovasjon innan energifeltet kan opne nye marknader. Partnerskapen må overvake utviklinga for å justere fornybar energi-satsinga i tråd med utviklinga. Innovasjon Norge skal prioritere støtte til bedriftsutvikling som bidreg til å styrkje Sogn og Fjordane som nyskapande «fornybar-fylke».

Sogn og Fjordane har eit kraftoverskot på 7 TWh. Dette vil auke med ca. 2–3,2 TWh med dei planlagde utbyggingane. Delmålet inneber eit felles arbeid mot at ein større del av kraftoverskotet vert nytta i fylket.

Delmål 4:

Utnytte effekten av høgare utdanning og forskingsmiljø i fylket innan fornybar energi og auke verdiskaping innan kunnskapsintensive arbeidsplassar.

Sogn og Fjordane har høgskuleutdanning i Sogndal med bachelorgrad i fornybar energi og bachelorgrad i elkraft i Førde. Det er plass til fleire kunnskapsverksemdar som arbeider med fornybar energi og som etterspør arbeidskraft frå desse utdanningane.

Målet er å etablere ei fornybar energi-klynge. Den praktiske indikatoren er å få etablert status som nasjonalt Arena-prosjekt og etter kvart status som norsk ekspertsenter (NCE) i løpet av den kommande tiårsperioden.

Politiske problemstillingar

Rammevilkåra rundt næringa er mange. Prosessar for å avklare areal- og interessekonfliktar er kjende og viktige. Fylkeskommunen har arbeidd med arealavklaringar for [småkraft og for vindkraft](#).

Ulike reglar og reguleringar innan fornybar energi pålegg næringa store ekstra kostnader.

Viktige politiske problemstillingar er:

1. Utvikle samarbeid i energibransjen for å utvikle eit sterkt næringsmiljø i Sogn og Fjordane.
2. Handsamingstid for konsesjonar for fornybar kraft – elsertifikat etter 2020.
3. Grunnrenteskatt.
4. Regionalnett – tariffar.
5. Vassdirektivet/vilkårsrevisjon.

Desse infrastrukturtiltaka vert trekte fram som særleg viktige:

- Utdanning – Studieplassar på elektro i fylket. (Næringa ønskjer fleire klasser innan elektro på dei vidaregåande skulane i fylket.)
- Breibandutbygging

10 Satsing på sjømatnæringar



Foto: Frode Hovland

10.1 Utgangspunktet

Ambisjonen **Noreg – verdens fremste Sjømatnasjon** er viktig for Sogn og Fjordane. Ambisjonen krev kunnskapsutvikling både i næringa og i forvaltninga. Dei store utfordringane på miljørada må løysast gjennom forskingsinnsats på nasjonalt nivå og i regi av dei store konserna. Delar av kunnskapsgrunnlaget må utviklast lokalt, vi treng kunnskap om økosystema våre, særleg fjordane og dei nære kystområda. Utvikling av sjømatnæringa krev berekraftig ressursforvaltning.

Havbruket er den delen av sjømatnæringa med størst vekst; produksjonen av laks og aure er nær dobla siste sju åra. Oppdrettsnæringa i fylket held same veksttakt i produksjonen som for landet totalt. Stort sett all laks og aure som blir produsert i fylket, blir selt som fersk eller frosen heil fisk.

Tal bedrifter frå 2004 til 2012 er redusert med 31 prosent nasjonalt og 18 prosent i fylket. Dei største selskapa innan oppdrettsnæringa i Norge er óg dei største på globalt nivå. Det har tidlegare vore relativt stor utviklingsaktivitet innan marine artar og skaldyr i fylket. Biologiske og ikkje minst økonomiske utfordringar har ført til ei avskaling slik at det i dag er aktivitetar med ei marginal verdiskaping. Det som er igjen av verdikjeda innan torskeoppdrett er i all hovudsak lokalisert til fylket.

Innan fiskeria har det over tid vore ei stor avskaling i tal fiskefarty, ved at fiskekvoter gjennom ei planlagt restrukturering er samla på færre og større båtar, med tilhøyrande fall i talet fiskarar. Over 80 prosent av landingar til fiskeindustrien i fylket kjem frå farty over 28 meter.

Strukturen på industrisida blir óg påverka, der mindre mottak blir nedlagde, og dei attverande blir større. Det er ein variert bedriftsstruktur innan både fiskeflåten og havbruk. Fiskeindustrien er mest konsolidert. Ytterlegare konsolidering i pelagisk konsumindustri kan få negativ verdiskapingseffekt i fylket, særleg målt i sysselsetjing.

Sjølv om det ikkje er venta ein auke i fiskefangstar framover, har fylket styrka sin relative posisjon dei siste åtte åra. Dette har vi gjort ved å ta imot ein aukande del av samla landingar av fiskefangstar i Noreg og samstundes betale høgare prisar til fiskar enn gjennomsnittet. Det har dei siste åtte åra vore vekst i landingane av fiskefangstar til fiskeindustrien i fylket.

Verdiskapinga frå verdikjedene i sjømatnæringane (akvakultur, fiske og trading) i 2012 var 1600 årsverk i sysselsetjing og med ei samla verdiskaping på 1,3 mrd. kr i 2012.

Verdier i Tnok	2012		Verdiskaping		
	Bedrifter	Årsverk	2012	2011	2010
Totalt Akvakultur	81	494	398 172	806 222	1 014 883
Totalt Fiske	119	960	687 442	694 503	673 992
Totalt Trading	19	177	171 300	186 801	219 371
Sum	219	1631	1 256 914	1 687 526	1 908 246

Ettersom verdiskaping er eit resultatmål (lønnskostnad + driftsresultat) vil det variere mykje frå år til år. I 2010 og 2011 var verdiskapinga frå akvakultur til dømes størst, medan det i 2012 var fiskeria i Sogn og Fjordane som hadde størst verdiskaping. (Sjå vedlagt rapport frå arbeidsgruppe for føresetnadene for talmaterialet.)

Ringverknadsanalysane som er gjennomgått, peiker på nokre fakta og konklusjonar som er viktige å ha med seg i det vidare arbeidet:

- ✓ Leverandørindustrien er viktig for innovasjonsevna og auka produktivitet i dei marine næringane. Dette må til for å oppretthalde konkurransekraft og ei berekraftig utvikling.
- ✓ Fylket har ingen bransjeretta kompetansemiljø med tyngde eller kapasitet og få andre bransjeretta leverandørar.
- ✓ Fylket har ingen kunnskapsmiljø med kompetanse innan sjømatnæringane utover vidaregåande opplæring.
- ✓ Oppdrett av laks og aure er det segmentet i sjømatnæringa som skapar dei høgaste årsresultata (høgast gjennomsnittleg lønsemd).Også foredling (kvitfiskindustrien med i dette talgrunn-laget) og sal/eksport syner positive årsresultat. Resultat i fiskeriledet er marginale.
- ✓ Nyetableringar innan marine næringar ligg under nivået for resten av Vestlandet, og det er større nedgang i tal nyetableringar i Sogn og Fjordane enn nabofylka.

Det er fleire faktorar som er felles på tvers av sektorane i næringa:


- ✓ Svake sider:
 - manglande kunnskaps- og kompetansemiljø
 - lite leverandørmiljø
 - svakt vegsamband på kysten
 - manglande storflyplass
 - utfordring med rekruttering av fagfolk (attraktivitet i lokalsamfunn, konkurranse olje/offshore, statusen til sjømatnæringane).
- ✓ Trugssmål:
 - interessekonfliktar i kystsona/manglande kystsoneplanar
 - forureining havområda
 - tape lokalt eigarskap gjennom konsolidering innan fiskeflåte og oppdrettsnæringa
 - manglande politisk prioritering av sjømatnæringane.
- ✓ Moglegheiter:
- ✓ auke verdiskaping ved auka foredlingsgrad/produktutvikling
- ✓ auka utnytting av biprodukt/ restråstoff

- ✓ auke innovasjonsevna gjennom samarbeid i sjømatnæringane (både innan kvar sektor men òg på tvers av sektorar). Her ser vi for oss samarbeid med regionale styresmakter, med leverandørar i og utanfor fylket og bransjeretta kunnskapsmiljø utanfor fylket.

Ei meir utfyllande vurdering av havbruk og fiskerinæringa går fram av [framlegg frå arbeidsgruppe](#).

10.2 Målsetting

Skal dei marine næringane lukkast med ei ambisiøs auke i verdiskapinga framover vil faktorar som *berekraft, produktivetsforbetringar, innovasjonsevne* og *produkt- og marknadsutvikling* vere sentrale.



Visjon:

Sjømat frå Sogn og Fjordane skal kjennast att på høg kvalitet, og der vi gjennom alle ledd i verdikjeda har omsut for natur, miljø og dyrevelferd og har nytta best tilgjengeleg kompetanse og teknologi .

Samarbeid mellom havbruk, kyst- og havfiske, fiskeindustri, sal og eksport er ein føresetnad for å lukkast.

Hovudmål 1: Auke verdiskapinga frå sjømatnæringane i verdikjeda frå hav til bord

- Delmål 1.1 Forsterke havbruksnæringa som motor for ei marin verdiskaping i fylket, og legge til rette for ei berekraftig auke i produksjonen av laks og aure på 4 prosent årleg.
- Delmål 1.2 Auke verdiskapinga i fiskeindustrien fram til 2025 gjennom produktivetsforbetringar, produktutvikling, auka foredlingsgrad og utnytting av biprodukt.
- Delmål 1.3 Auke verdiskapinga frå lite utnyttede marine ressursar.
- Delmål 1.4 Bidra til opparbeiding, hente inn og formidling av kunnskap som grunnlag for kunnskapsbasert forvaltning og utvikling av sjømatnæringane.

Delmål	Måleindikatorar	2012	2017	2021	2025	Endring	Måletidspunkt
Delmål 1.1	Slaktekvantum (tonn s.v.)	111 802	136 000	158 000	185 000	+4 % årleg	Årlig
	Slaktekvantum i % av Norge	9 %	10 %	11 %	12 %	+3 %	Årlig
	Driftsresultat (NOK mill.)	205,6	295,0	385,0	450,0	120 %	Årlig
	Sysseletjing i havbruksnæringa	494	504	556	619	+1,7 % årleg	Årlig
	Lokalitets-MTB (tonn)	232 878	257 116	289 386	325 707	+3 % årleg	Årlig
Delmål 1.2	Relativ andel landingar (tonn)	7,0 %	8,0 %	9,0 %	10,0 %	+3 %	Årlig
	Relativ andel landingar (verdi)	8,0 %	9,0 %	9,5 %	10,0 %	+2 %	Årlig
	Sysseletjing i fiskeindustrien (årsverk)	384	384	384	384	Uendra	Milepæl
Delmål 1.3	Slaktekvantum oppdrettstorsk (tonn)	1 705	3000	4500	6000	+ 10 %	Milepæl
	Etablerte lønsame verksemdar		+1	+2	+3		Milepæl

Det vert føresett at volumauke skjer basert på dokumentert kunnskap om kva naturmiljøet toler. Næringa må ta eit stort finansieringsansvar for å løyse

problema med lus, sjukdom og rømming. Det offentlege må ta ansvar for arealtilgang basert på god kunnskap om lokale naturforhold. Det må vurderast insentiv for å regulerer areal, til dømes arealavgifter.

Hovudmål 2: Styrkje tilgang til kompetanse og arbeidskraft

- Delmål 2.1 Utvikle ei attraktiv fagutdanning i vidaregåande opplæring retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane.
- Delmål 2.2 Styrkje rekrutteringa til fiskeflåten.
- Delmål 2.3 Utvikle desentraliserte læringsarenaer for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget hjå tilsette i sjømatnæringane (*sjå også satsingsområde kunnskap*).

For delmål 2.1 og 2.2 har arbeidsgruppa føreslege følgjande konkrete ambisjonar:

Delmål	Måleindikatorar	2012	2017	2021	2025	Endring	Måletidspunkt
Delmål 2.1	Tal søkjarar akvakultur (VK2)	3	10	20	30	+ 27 elevar	Årlig
	Tal søkjarar fiske & fangst (VK2)	5	10	12	15	+5 elevar	Årlig
	Etablert undervisningskonsesjon		1			100 %	Milepæl
Delmål 2.2	Relativ andel fiskekvoter heimehøyrande i Sogn og Fjordane	4,4 %	4,4 %	4,4 %	4,4 %	Uendra	Milepæl
	Relativ andel yngre hovudfiskarar < 30 år	21 %	22 %	23 %	25 %	+ 5 %	Årlig

Hovudmål 3: Auke ringverknadene frå sjømatnæringa i Sogn og Fjordane

- Delmål 3.1 Auke aktivitet og verdiskaping i tilknytte næringar og leverandørar av varer og tenester til sjømatnæringane.

10.3 Aktivitet for å nå måla

Innsatsen for å nå målet har slik struktur med plassering av hovudansvar:



Avtale: Arealplanlegging

Tilgang til areal er ein av dei største føresetnadane for ein framtidig berekraftig vekst i akvakultur-næringa (hovudmål 1). Fylket har mellom anna ein unnytta produksjonsakse frå indre fjordstrok til ope hav med eit betydeleg verdiskapingspotensial.

Areal omfattar sjøareal til produksjon av laks, aure og torsk (pr. i dag). Det er viktig å ivareta sjøareal som har stor verdi for fiskeria i fylket. Det er òg behov for å legge til rette eigna næringsareal på land. Skal matfiskproduksjonen vekse, må smoltproduksjonen aukast på etablerte og nye anlegg i fylket. Det bør vere eit mål å sikre størst mogleg eigenproduksjon for å unngå sjukdomsrisiko relatert til «import» av smolt til fylket. Vidare er det behov for å sikre både fiskeindustri og leverandørindustri høvet til å utvikle seg gjennom eigna næringsareal på land og sjø, inkludert hamner og kaianlegg.

Planarbeidet skal bidra til oppdatering av kystzoneplanar der ein legg opp til samarbeid på tvers av kommunegrenser. Det er òg viktig å vidareutvikle det gode samarbeidet både mellom næringa og forvaltningsetatane og forvaltningsetatane seg imellom. Arbeidet skal bidra til å sikre areal både på sjø og land for vidareutvikling av oppdrettsnæringa. Arealplanlegginga må bygge på kunnskap om miljøforsvarleg utvikling av næringa.

Program rekruttering og kompetanse innan sjømatnæringane

Både fiskeri- og akvakulturnæringa blir av ungdommen oppfatta som lite attraktive karriereveggar. Det skal difor vere eit mål for programmet å utvikle eit så attraktivt utdanningsopplegg på vidaregåande skule at det vil tiltrekke seg mange søkjarar. Skal vi lukkast i dette, må vi tenke nytt og bygge på eit samspel mellom dei vidaregåande skulene, sjømatnæringane og kunnskapsinstitusjonar.

Ein annan flaskehals er å få ein betre balanse mellom yngre og eldre fiskarar i fylket. Som element i dette bør vi vurdere oppretting av eit «rekrutteringsfond» for å bidra med eigenkapital for å hjelpe ungdom inn i fiskaryrket.

Å sikre kompetanse gjennom desentraliserte undervisningstilbod tilpassa dei som har sitt virke i bedriftene, vil vere svært viktig for sjømatnæringane. Fiskeindustrien rekrutterer i stor grad arbeidskraft frå utlandet. Her vil det vere viktig å ha med eit integreringsperspektiv i arbeidet.

Avtale: Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane

Vi ser føre oss eit framtidsbilde med større marin verdiskaping enn i dag. Då er det viktig å ha med seg at innføring av ny teknologi, nye driftsformer og behandlingsmåtar blir vesentleg for ei miljømessig berekraft og økonomiske resultat i sjømatbedriftene. Dersom naturmessige høve kjem til å bety mindre, og teknologi meir, i framtida, betyr dette også at fortrinna fylket har på areal og natur ikkje vil vere så stor positiv konkurransefaktor. Etterhenget i teknologi kan også medføre tap av berekraft og konkurransekraft.

Innovasjon er hovudkjelda til produktivitets-forbetringar og auka konkurransekraft i sjømat-næringane. Innovasjon finn ikkje berre stad som nye bedriftsetableringar, det

kan óg realiserast gjennom at eksisterande bedrifter tek i bruk nye driftsformer, produksjonsmetodar, teknologi, eller at ein utviklar nye produkt eller tenester.

Arbeidet skal femne om sjømatnæringane som heilskap og leverandørindustrien.

Politiske utfordringar

Viktige politiske utfordringar:

- ✓ Prioritere kunnskapsutvikling for å sikre berekraftig utvikling av sjømatnæringane.
- ✓ Påverknad nasjonalt og internasjonalt for å redusere risiko for ureining av havmiljøet. Sjømatnæringa er avhengig av reint vatn i kyst og fjordstrok, for å kunne oppretthalde hausting av fiskeressursar og auke oppdrettsproduksjon.
- ✓ Kunnskapsgrunnlag for å avklare interesser og sikre forsvarleg miljøtilstand:
 - Mogeleg handtering av utrangerte oljeplattformer eller reparasjon og vedlikehald av oljeplattformer må i tilfelle sikrast i høve ureining langs kysten.
 - Sogn og Fjordane har enno god plass til fleire akvakulturlokaltetar og auka produksjon gitt at kunnskapsgrunnlaget vert utvikla. Vi bør arbeide for at nye konsesjonar kjem til fylket.
- ✓ Arbeide for å oppretthalde lokalt eigarskap gjennom å sikre gode rammevilkår for små og mellomstore sjømatbedrifter.
- ✓ Arbeide for ringverknader ved at vertskommunane får rimeleg del av verdiskapinga.
- ✓ Politisk arbeid for å utvikle verkemiddelordningar som styrkjer innovasjon og nyskaping:
 - Styrkje ordningar med offentlege utviklingsmidlar/ eigenkapital i perioden mellom gründerfasen og kommersialisering.
 - Politisk påverknad for å utvikle nasjonale finansieringsløyser for å støtte teknologiutvikling og utprøving av pilotar (prototyper).
 - Prioritere bedriftsutviklingsmidlar retta inn mot produkt- og marknadsutvikling (ref. delmål 1.2). Konkurransetilhøva for industrien krev spissa satsing på kvalitetsprodukt som er tilpassa direkte konsum.
 - Storparten av verdikjeda for torskeoppdrett er lokalisert til vårt fylke. Det er behov for å ta vare på kompetansen som er bygd opp rundt torskeoppdrett og marin yngelproduksjon.



Illustrasjonsfoto

11 Satsing på reiseliv⁶



Kajakkpadling på Nærøyfjorden. Foto: Lisbeth Bringeboen

11.1 Utgangspunktet

Eksisterande reiselivsplan

Fylkestinget vedtok i juni 2010 ein reiselivsplan for Sogn og Fjordane frå 2010 til 2025. I samband med utarbeiding av regional plan for verdiskaping og erfaringar i gjennomføringa av reiselivsplanen så langt, er det trong for nokre justeringar i opphavleg dokument. Justeringane gjeld omsynet til mål og organiseringa av planarbeidet. Reiselivsplanen frå 2010 legg grunnlaget for denne temasatsinga i verdiskapingsplanen og byggjer på planen som er vedteken tidlegare.

Visjon for arbeidet

Sogn og Fjordane fylkeskommune har denne visjonen for utviklinga av reiselivet fram mot 2025:

Berekraftige naturopplevingar i verdensklasse

Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur – fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav – som skal styrkje grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, trivsel og busetnad i heile fylket.

Vi skal levere lokalt særpreg, høg kvalitet, engasjerte menneske, trivsel og berekraftige opplevingar i verdensklasse i unik fjordnatur – fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav. Profilen i fylket er:

“Fjordane frå bre til hav”

⁶ Vidareutvikling av eksisterande reiselivsplan. [Sjå FT-sak 31/10](#)

Det er lagt fram ein ny nasjonal reiselivsstrategi i 2011 «Destinasjon Norge» som satsinga er forankra i og der gjennomføringa av denne på nasjonalt hald vil legge føringar for arbeidet med satsinga.

Vi har identifisert sju strategiske handlingsområde som utgjer ramma som moglege tiltak vert definerte innanfor, og som bør vere dei prioriterte områda vi arbeider innanfor. Desse handlingsområda er:

1. Samhandling
2. Berekraft
3. Produktutvikling
4. Verkemiddelbruk og private investeringer
5. Infrastruktur
6. Marknadskommunikasjon
7. Kunnskap og kompetanse

Ståstaden – utgangspunkt og utfordringar

Reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane er prega av mange små bedrifter der marginane er små, og der det er utfordrande å få til investeringar og utviklinga av verksemda. Vidare er reiselivet i hovudsak sesongbasert med få heilårsarbeidsplassar. Kostnadsnivået er høgt og ikkje konkurransedyktig i eit internasjonalt perspektiv. Men fylket har naturattraksjonar i verdensklasse, og naturen og det levande kulturlandskapet gjer fylket til eit eksotisk reisemål for resten av verda. Reiselivsbedriftene nyttar i stor grad naturen som attraksjonskraft for tilreisande og tilbyr i mindre grad opplevingsbaserte produkt sjølv om denne trenden no er i ferd med å snu⁷.

Hovudutfordringa i næringa er å få til auka lønsemd som gjev grunnlag for utvikling av verksemdene og fleire arbeidsplassar som er heilårlege. Samstundes må reiselivsverksemda vere berekraftig med omsyn til miljø og sikre at lokalsamfunna taklar stor reiselivsverksemd, og at verdiskapinga aukar lokalt.

I arbeidet med å auke tal gjestedøgn må kapasitetsutnytting og turismeaktivitet over heile året prioriterast. Hovudattraksjonane må sikrast lengre sesongar. Vi må ha ei samordna og forsterka satsing på trafikk heile året, som går både på ferie-, fritids-, kurs- og konferansemarknaden.

Ein stor del av "reiselivsproduktet Sogn og Fjordane" er ikkje synleg på SSB-statistikken. Dette gjeld i stor grad baseferieprodukt som er eit viktig satsingsområde, men også båtturisme som er ein del av den prioriterte innanlandske marknaden. Utan påliteleg statistikk vert det vanskeleg å måle utviklinga på desse prioriterte områda. Dette kan føre til feil ressursbruk i høve til prioriterte produkt og geografiske område. Difor er statistikkgrunnlaget ei hovudutfordring.

I 2006 vart det identifisert sju utfordringar for opplevingsnæringane på Vestlandet (SNF - rapport 07/06). Utfordringane var styrking av

- 1) felles profilering
- 2) samordning/nettverk
- 3) samarbeid mellom små og store reiselivsaktørar
- 4) FoU, kursing og kunnskapsutveksling

⁷ Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane

- 5) IKT - bruk; opplæring og systemutvikling
- 6) berekraft og geoturisme i praksis
- 7) marknadskunnskap for marknadsbasert produktutvikling

11.2 Overordna og langsiktige effektmål


Sogn og Fjordane skal bli ein av verdas fremste regionar for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur – fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav – som skal styrkje grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, trivsel og busetnad i heile fylket.

- 1. Auka verdiskaping**
- 2. Fleire heilårsarbeidsplassar i reiselivsnæringa**
- 3. Eit meir berekraftig reiseliv**

Dei to første måla består av fleire måleindikatorar som vi ser føre oss kan gje eit samla bilete på om vi når målet om auka verdiskaping og fleire heilårsarbeidsplassar. Reiseliv er ei næring som er sterkt avhengig av konjunkturar og utviklinga må sjåast i eit langt perspektiv. Målsettinga om eit berekraftig reiseliv er gjennomgåande for satsinga og skal prege vurderingar og tiltak som vert sette i verk.

11.3 Aktivitet for å nå målet

Innsatsen for å nå målet har slik struktur med plassering av hovudansvar:



Avtale: Berekraftig reiseliv

Eit berekraftig reiseliv omhandlar tre sett av verdiar: miljømessige, sosiale og økonomiske⁸. Tiltak og vurderingar som vert gjort i utviklingsarbeidet, skal alltid vurderast opp mot desse ti prinsippa.

⁸ Global Sustainable Tourism Council (GSTC) har utarbeidd kriterium for ein berekraftig destinasjon og skildrar minimumsstandarden ein destinasjon må oppnå for å utvikle seg berekraftig, sosialt, kulturelt og miljømessig. Dette er prinsipp som og Innovasjon Norge legg til grunn i sitt arbeid.

Ti prinsipp for eit berekraftig reiseliv

Ta vare på natur, kultur og miljø

1. Kulturell rikdom
2. Ta vare på og vidareutvikle landskapet sin fysiske og visuelle integritet
3. Biologisk mangfald
4. Miljø og ressurseffektivitet

Styrking av sosiale verdiar

5. Å ta vare på og styrkje lokal livskvalitet og sosiale verdiar
6. Lokal kontroll og engasjement
7. Jobbkvalitet for reiselivstilsette
8. Tilfredse gjester og tryggleik; opplevingskvalitet

Økonomisk levedyktig

9. Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsdestinasjonar gjennom lokal verdiskaping
10. Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter

Program for infrastrukturutvikling: Fleire heilårsarbeidsplassar gjennom auka tilgjengelegheit og fleire gjestedøgn

Målsettinga med denne satsinga er å oppnå auka turistvolum i fylket gjennom utvikling, drift og koordinering av infrastruktur og andre fellestiltak. Fagutdanning og kunnskapstilgang er viktig for at reiselivsnæringa i fylket kan løfte seg.

Kompetanseheving og evne til å ta i bruk kunnskap er òg viktig for at reiselivsaktørane kan ha evne til å omstille seg i takt med trendar og marknader.

Hovudansvar vert lagt til infrastrukturprogrammet. Det skal arbeidast med å utvikle ei reiselivskunnskapsklynge i fylket, med utgangspunkt i kunnskapsmiljøet i Sogndal.

Resultatmål:

1. Auke i tal gjestedøgn samla sett.
2. Auka tal gjestedøgn i skulder- og vintersesong. Auken i skulder- og vintersesong skal ha høgare prosentvis vekst enn samla vekst.
3. Auke i besøkstal ved «fyrtårnsattraksjonar».
4. Etablere ei reiselivskunnskapsklynge i fylket med utgangspunkt i kunnskapsmiljøet i Sogndal.

Måleindikatorar ⁹	2013	2017	2021	2025
Auke i tal gjestedøgn				
Auke i tal gjestedøgn skulder- og vintersesong				
Auke i besøkstal ved «fyrtårnsattraksjonar»				

Avtale om bedriftsretta innsats: Auka verdiskaping - fleire og sterkare reiselivsbedrifter i Sogn og Fjordane

Målsettinga for denne delen av reiselivssatsinga er å auke verdiskapinga hos

⁹ Måleindikatorar er under arbeid

reiselivsbedriftene gjennom utvikling av bedriftene, bedriftene sine aktiviteter og bedriftsretta tiltak.



Foto: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane/Solveig Mork Holmøyvik

Resultatmål:

1. Auka verdiskaping i hotell- og restaurantnæringa.
2. Auka verdiskaping i opplevingsnæringa.
3. Auka i tal tilsette i reiselivsnæringa samla sett.
4. Auke i etableringar av reiselivsverksemder og opplevingsverksemder.

Indikatoren som omhandlar utvikling i tal tilsette er eit mål som kan seie noko om det vert skapt fleire arbeidsplassar i næringa. Kategorien må då bestå av dei tradisjonelle næringane, men aktivitetssegmentet må óg inngå i dette. Den siste indikatoren går på etableringar av nye reiselivsrelaterte bedrifter. Denne indikatoren seier noko om det vert skapt nye arbeidsplassar, og kan måle noko av innsatsen som vert gjort direkte ut i mot bedriftsnivået.

Måleindikatorar	2013	2017	2021	2025
Auka verdiskaping i hotell- og restaurantnæring				
Auka verdiskaping i opplevingsnæringa				
Auke i etablering av reiselivsverksemder og opplevingsverksemder				

Politiske problemstillingar

Reiselivsnæringa i distrikts-Norge er avhengig av nasjonale rammevilkår for å utvikle seg, og for at ressursane i fylket kan nyttast fullt ut. Nedanfor er det lista opp kritiske suksessfaktorar som må løftast politisk for å nå måla.

- Fellesgodefinansiering.
- Offentleg finansiering av destinasjonsselskap som pådrivarar for reiselivsutvikling i sine regionar.
- Utnytting av verneområde i fylket til bruk i reiselivsverksemd.
- Trong for utvikling av gode måleverktøy for utvikling av reiselivsnæringa med omsyn til mellom anna gjestedøgn.

12 Olje og gass



Ingeniørstudiet i undervannsteknologi i Florø forsyner olje- og gassindustrien og næringslivet i kommunen med høgt etterspurt kompetanse. Foto: Høgskulen i Bergen (HiB)

12.1 Utgangspunktet

[«Sogn og Fjordane mot 2030 – utviklingsanalyse for petroleumsvirksomhet»](#) vart lagd fram 20. januar 2013 etter ein brei og inkluderande prosess. Det er rasjonelt å byggje på denne i samband med realisering av verdiskapingsplanen.

Petroleumsrådet tek overordna ansvar for oppfølging av planen, mens Maritim foreining Sogn og Fjordane får ansvar for leverandørutvikling. Måla for arbeidet går fram under omtale av desse aktørane i teksten som følgjer.

Rapporten «Sogn og Fjordane mot 2030 – utviklingsanalyse for petroleumsvirksomhet»

«Sogn og Fjordane mot 2030 – utviklingsanalyse for petroleumsvirksomhet» vart lagd fram 20. januar 2013. Arbeidet vart gjort i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune, med fylkesordførar (og leiar av petroleumsrådet) som leiar av styringsgruppa. Rapporten vart utarbeidd av Agenda Kaupang ved Erik Holmelin.

Analysen er utvikla med stor grad av medverknad. Det vart arrangert to større arbeidsseminar med over 100 deltakarar. Mange av desse (og andre) bidragsytarane vart også engasjerte mellom seminara gjennom møte og annan kontakt. Med ein så omfattande prosess så nær i tid, er det rasjonelt å leggje denne rapporten til grunn for vidare utvikling innan olje og gass i Sogn og Fjordane.

Rapporten oppsummerer analysen av eigne sterke og svake sider samt kva som er mogleg og kva som truar slik:

- Utnytt geografisk nærleik til petroleumfelt ved å
 - gi Fjord Base høve til utvikling
 - tilby eit breiare spekter av tenester til petroleumsvirksomheita
 - satse på offshore-marknader i vekst
- Utvikle infrastruktur som kystvegen, flytilbodet, bustader og bu kvalitet i Florø
- Eit tettare nærings samarbeid; mellom anna:
 - Maritim foreining som marknadsførar og paraplyorganisasjon
 - Samarbeid om engineering og verkstadsamarbeid
- Utvikling av offshoreretta utdanningstilbod

- Utvikling av kapitalbase for risikokapital
- Viktige verdiar: politisk semje og lobbyarbeid

Det vert føresett at petroleumsrelaterte inkluderer opphogging av utrangerte plattformer. Aktiviteten må tilfredsstille strenge miljøkrav.


12.2 Målsetting

Overordna mål er vekst i petroleumsrelatert sysselsetting i fylket.

Prosesen med å utvikle rapporten «Sogn og Fjordane mot 2030 – utviklingsanalyse for petroleumsvirksomhet» inkluderte ikkje ei presis målformulering. Her er det trong for etterarbeid

12.3 Aktivitet for å nå målet

Basert på rapporten vert ansvar for oppfølging av arbeidet fordelt slik:



- Fylkeskommunen tek gjennom petroleumsrådet ansvar for politisk påverknadsarbeid og formalisering av samarbeidsavtalar med aktuelle kommunar, spesielt Flora.
- Maritim foreining Sogn og Fjordane får ansvaret for å utvikle leverandørnettverket.
- Maritim foreining Sogn og Fjordane og oljeselskapa hjelper bedriftene i kvalifiseringsarbeidet, slik at dei kan få innpass i petroleumsmarknaden.

Petroleumsrådet – oppgåver og mål

[Petroleumsrådet vart oppretta av fylkestinget i 2005](#). Petroleumsrådet skal ifølgje vedtektene ha fem medlemmer og vere samansett av

- fylkesordføraren (som er leiar)
- ein medlem frå hovudutvalet for plan og næring
- ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren
- to fagpersonar som har god kunnskap om næringa

Mandatet til petroleumsrådet er å arbeide for å styrkje industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Petroleumsrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og prioritere særleg desse felta:

- Feltutbyggingar
- Ilandføring
- Industriell utnytting av gass på land
- Florø som drifts- og baseby
- Konesjonsrundar

Petroleumsrådet skal representere fylket når det gjeld kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre.

Vedtektene definerer ikkje tydelege eksplisitte mål for arbeidet, men i lys av utviklingsanalysen, vil naturlege målsettingar vere:

- Vekst i petroleumsrelatert sysselsetting og i Sogn og Fjordane.
- Fleire operatørselskap etablert i Sogn og Fjordane (og fleire arbeidsplassar innan operatørselskapa).
- Fleire leverandørselskap innan sektoren etablert i Sogn og Fjordane (og fleire arbeidsplassar innan desse).
- Fleire funksjonar til fylket og høgre kompetanseinnhald i denne delen av næringslivet.

For å sikre eit sterkast mogeleg petroleumsmiljø i fylket, er det viktig at vi prioriterer miljøet knytt til oljebasen i Florø. Underleverandørar til petroleumsaktiviteten kjem frå ulike delar av fylket.

Måleindikatorar skal utviklast med Maritim foreining Sogn og Fjordane som hovudkjelde:

- Tal på operatørselskap i fylket og omfanget av funksjonar desse legg til fylket.
- Sysselsette og økonomisk utvikling i det registrerte leverandørnettverket.
- Tal nye leverandørverksemder som får innpass i petroleumsmarknaden.
- Tal på sysselsette i næringa vil det derimot vere vanskeleg å få oversikt over. Føresetnad: tilgang til data gjennom nasjonale undersøkingar.

Maritim foreining Sogn og Fjordane – oppgåver og mål

Maritim Foreining Sogn og Fjordane (MFSF) er ei interesseforeining for maritime og offshorerelaterte verksemder i Sogn og Fjordane. MFSF har 60 medlemsverksemder som er lokalisert i 14 av dei 26 kommunane i fylket. Meir informasjon på <http://maritimsfj.no/>

MFSF har teke tak i utfordringane frå «Sogn og Fjordane mot 2030 – utviklingsanalyse for petroleumsvirksomhet» gjennom programmet «Supply Chain Network Sogn og Fjordane». Programmet har som overordna mål at leverandørindustrien i Sogn og Fjordane i løpet av fem år skal doble petroleumsrelatert omsetning i høve til 2013.

Programmet har følgjande hovudmål:

- Strategisk arbeide for at verksemder får størst mogleg ringverknader av feltutbyggingar på nasjonalt og internasjonalt nivå.
- Prosjektet skal medverke til å utvikle og kvalifisere leverandørverksemdene gjennom styrka samarbeid, kompetansebygging, marknadskunnskap og synleggjering
- Auke dei regionale ringverknadane av eksisterande og nye feltutbyggingar samt riving av utdaterte installasjonar.
- Bindeledd mellom leverandørar og oppdragsgjevarar.


Del III Vidare arbeid



13. Frå plan til handling

13.1 Organisering av det vidare arbeidet

Arbeidet er organisert slik:



Næringsforum

Partnerskapen forpliktar seg til å gjennomføre planen gjennom samarbeidet i Næringsforum. Forumet er sett saman av aktørar som forpliktar seg til å legge ressursar inn i planen.

Dei faste medlemmene er:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, leiing og sekretariat
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Kommunane v/ KS
- Landsorganisasjonen, Sogn og Fjordane
- Næringslivets hovudorganisasjon, Sogn og Fjordane
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- NAV, Sogn og Fjordane
- Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane

Verdiskapingsplanen skal vere grunnlaget for arbeidet i Næringsforum. Partane skal sikre at alle relevante aktørar innan ulike satsingar er involverte, og at arbeidet deira er forankra i planen. Forumet skal leie det faglege samarbeidet og har ansvaret for å nå måla i verdiskapingsplanen.

Næringsforum kan supplere seg sjølv og ta inn aktørar som er viktige for spesielle satsingar.

Gruppa skal identifisere politiske problemstillingar og slik vere ein støttefunksjon for fylkesrådmannen.

Petroleumsrådet følgjer opp satsinga på olje og gass

Innan olje/gass er petroleumsrådet etablert som partnerskapsarena.

Petroleumsrådet vart oppretta av fylkestinget i 2005 og har desse medlemmene:

- Fylkesordføraren (leiar)
- Ein medlem frå hovudutvalet for plan og næring
- Ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren
- To fagpersonar med god kunnskap om næringa

Petroleumsrådet har ansvaret for satsinga innan olje og gass i verdiskapingsplanen og har dermed ansvar for å nå måla som er sette. Petroleumsrådet skal representere fylket i kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre. Næringsforum samordnar det samla arbeidet med årlige handlingsplanar og resultatrapportar.

Alle satsingane skal ha ein leiar og ein koordinator

Kvar satsing i verdiskapingsplanen skal ha ein person som er ansvarleg for å følgje opp satsingane, og som er medlem i Næringsforum. Fylkesordføraren er ansvarleg for satsinga på olje og gass.

Kvar satsing skal også ha ein koordinator, som har ansvaret for dagleg leiing av arbeidet. Koordinatoren skal sikre heilskap og unngå unødvendig overlapping når planen skal setjast ut i livet. Han skal legge til rette for arbeidet i Næringsforum (petroleumsrådet for olje og gass) og for politisk styre. Koordinatoren skal også legge til rette for operativt arbeid og følgje opp dei programma, retningslinene og avtalane som er skisserte i verdiskapingsplanen. Ansvarlege og koordinatorar for satsingane i verdiskapingsplanen:

Legge til rette for nyskaping	Etter avtale
Kunnskap	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sjømatnæringar	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fornybar energi:	Ikkje avklara
Reiseliv	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Olje / gass:	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Landbruk:	Fylkesmannen, Landbruksavdelinga

Digitalt styrings- og informasjonsverktøy

For å sikre oversikt over alle aktivitetane og legge nødvendig grunnlag for styring av ressursbruken, skal alle nytte felles web-basert styringssystem; www.rup.no.

Innovative nettverk og effektivt partnerskapsarbeid

God planlegging handlar ikkje berre om analysar og overordna strategiar. Vel så viktig er gjennomføringsevna. Partnerskapen ønskjer derfor å utvikle arbeidsmåtar for å sikre resultatorientert og effektivt samarbeid. Her har vi nokre klare forbedringspunkt:

- Sterkare prioritering av å nå måla og mindre vekt på fordeling av ressursar
- Partnerskapsarbeidet må avtalesfestast
- Gode informasjonssystem for å styre aktivitetar

- Styrke evna til å arbeide i formaliserte nettverk
- Vi må setje læring betre i system
- Vi treng felles omgrepsbruk
- Ta i bruk resultatane når utviklingsarbeid er fullført
- Open informasjon om det prioriterte arbeidet (www.rup.no)

13.2 Frå strategiarbeid til iverksetjing

Næringsforum har det overordna, administrative ansvaret for å utarbeide operative årsplanar og årsrapportar for satsingane. Handlingsplanane må skissere arbeidet med iverksetjing meir detaljert enn dei strategiske planane gjer. Koordinatorane for dei ulike satsingane får hovudansvaret for å lage handlingsplanar og meir konkrete delmål for satsingane, til dømes i program. Koordinatorane får også ansvaret for å utarbeide framlegg til avtalar og retningslinjer.

Iverksetting krev ressursar - partnerskapsavtalen

Partnerskapen skal også utarbeide ein fireårig partnerskapsavtale, som skal vere ferdig parallelt med første årsplan.

Partnerskapsavtalen er formelt knytt opp til verdiskapingsplanen og inneheld desse elementa:

1. Næringsforum og petroleumsrådet
 - a. Avtale om felles arbeidsmetode i arbeidet med verdiskapingsplanen
 - b. Årssyklus i arbeidet
2. Partnerskapsavtale knytt til kvar satsing
 - a. Ansvar
 - b. Om arbeidskraft til disposisjon i utviklingsarbeidet
 - c. Om økonomiske ressursar
 - d. Om felles retningslinjer
 - e. Kunnskapsutvikling og spesielle informasjonsoppgåver
 - f. Anna

Årsplanen

Føremålet er å sikre god oppfølging av arbeidet. Årsplanen skal innehalde dette:

- Målsettingar innsatsen skal knytast opp mot. Målformuleringar kan presiserast etter kvart som arbeidet skrir fram og ev. justerast etter ny lærdom, eller om det vert store ytre endringar.
- Satsingane, prioritert fagleg aktivitet i året som kjem
- Viktige politiske problemstillingar

Analysearbeid og vidare strategiutvikling

Vidare arbeid for å utvikle landbruksnæringa

Utviklingsarbeid er i dag basert på dokumentet «Regionalt Bygdeutviklingsprogram»; eit mål og strategidokument Landbruks- og matdepartementet krev. Staten har sterk styring med verkemidla i landbrukspolitikken. Fylkestinget ønskjer derfor at vi som del av verdiskapingsplanen løfter fram nokre prioriterte faglege utviklingstema. Sjå elles vist avsnitt 6.3 om landbruk.

Industri og bergverk som del av verdiskapingsplanen

Det er uttrykt eit klart ønske¹⁰ om å formulere ein samla politikk for industriutvikling. Arbeidet med utvikling av industri og bergverk vert koordinert med og i hovudsak følgt opp gjennom nyskappings-, kunnskaps- og bransjesatsingane i verdiskapingsplanen. Slik vil vi unngå overlappende satsingar.

Vi skal utvikle ein industristrategi for Sogn og Fjordane, der tema er mellom anna:

- Politiske problemstillingar, ikkje minst rammevilkår, samfunnsansvar og berekraftig utvikling.
- Faglege problemstillingar knytt til kunnskap, samhandlingsarenaer, produktivitetsforbetring, innovasjonsevne og produkt- og marknadsutvikling.
- Mineralressursane som del av ein industristrategi.

Vidare arbeid for å få oversikt over mineralressursane:

Arbeidet med næringsutvikling basert på mineralressursane handlar om å vere budd når industrielle miljø vurderer teknologi og marknad som mogne. Fylkeskommunen omtalar status for dette arbeidet i Fylkespegelen på heimesida til fylkeskommunen¹¹. Her finn du mellom anna oversikt over mineralressursane i Sogn og Fjordane. Oppgåva vidare er å ajourføre denne oversikta.

Vidare arbeid med kulturnæringane:

Verdiskapingsplanen slår fast at potensialet for verdiskaping innan kulturnæringane skal utgreiast nærare. Oppgåva vert ikkje vurdert som ei straksoppgåve og starta derfor ikkje opp i 2014.

13.3 Partnerskapsavtalar og vidare framdrift

Partnerskapsavtalar – fylkesnivået

Laget som skal omsetje planen til handling, vert sett saman for å oppnå resultat i arbeidet. Dei operative partnerane har enten tilgang til viktige verkemiddel eller representerer brukargrupper.

Vi trekker med tilbydarar av kommersielle tenester når dei får oppgåver etter anbod.

Partnerskapsavtalane knytt til gjennomføring av verdiskapingsplanen skal utformast hausten 2014. Då vert det også klart kven som skal delta i det operative arbeidet.

Forpliktande partnerskapsavtalar med kommunane

Kommunane ønskjer at rolledelinga mellom fylkesnivået og kommunenivået vert formalisert som del av det vidare arbeidet med verdiskapingsplanen. I praksis er det snakk om avtalar på to nivå, enten med einskildkommunar eller med ei gruppe kommunar (t.d. regionråd).

¹⁰ Mellom anna frå fylkesutvalet i sak 11/14 og frå styret i Innovasjon Norge i høyringsfråseigna deira.

¹¹ Fylkespegelen: [http://www.sfj.no/cmssff/cmsspublish.nsf/\\$all/A40F45B75F92B252C12577EE0034CD55](http://www.sfj.no/cmssff/cmsspublish.nsf/$all/A40F45B75F92B252C12577EE0034CD55)

Fylkeskommunen tek det overordna ansvaret for arbeidet. Avtalar bør vere knytte til konkrete oppgåver, og avtalane med reisemålsselskapa kan tene som døme. Oppgåva vert løyst som del av iverksettingsarbeidet.

Handlingsplanen for 2015

Vi set i gang med operativ planlegging og aktiv innsats på følgjande program hausten 2014:

- Satsingsområde kunnskap
- Satsingsområde sjømatnæringar
- Satsingsområde reiseliv
- Satsingsområde olje og gass

Desse er valde ut med utgangspunkt i tilgjengelege ressursar (folk og pengar) og utifrå tilbakemeldingane frå høyringsinstansane.

Satsingsområdet fornybar energi treng framleis avklaring med omsyn til operativt ansvar og tilgang til økonomiske ressursar.

Satsingsområdet landbruk skal planleggast nærare før det vert inkludert i årsplanane for verdiskapingsplanen.

Arbeidet innan nyskaping vert ikkje organisert som eiga satsing. Verdiskapingsplanen har formulert ei plattform for løpande samarbeid mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Norge og kommunane v/ KS. Samarbeidet vert inkludert i den årlege handlingsplanen gjennom opplisting av prioriterte policyoppgåver. Elles planlegg dei einskilde partnarane eigen aktivitet.

Framdriftsplan for arbeidet i 2014

	MAI	JUNI	JULI	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
VERDISKAPINGSPLANEN								
Vedtak i Fylkestinget		11.-12.						
ARBEID MED FØRSTE ÅRSPLAN OG PARTNARKAPSAVTALAR								
Mandat for arbeidet er klart								
Koordinatorar og arbeidsgrupper						Frist 1. 15.		
Planutval - landbruk og industri								
Næringsforum jobbar med samla årsplan og partnarskapsavtalar								
Hovudutval for plan og næring							25.	
Fylkestinget								8.-10.

Framdriftsplan for arbeidet etter 2014

Årssyklus:

- Næringsforum legg i årssyklusen opp til at innspel til neste års handlingsplan og neste års budsjett vert drøfta i april/mai kvart år. Årsrapportane skal også vurderast på dette møtet. Fylkestinget skal handsame årsplanen i desember, parallelt med budsjettet. Første rapport kjem i 2016.

Fireårs syklus:

- Første milepæl med grundig vurdering av arbeidet er i 2016, i samband med arbeidet med ny planstrategi.
- Første hovudrevisjon er tenkt i 2018. Tidspunktet kan bli justert i arbeidet med ny planstrategi.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside:
SGN skis - Sogn Avis/Håvard Nesbø
Illustrasjonsfoto gründer-etablering - Jo Bergersen
Fjordbase - Harald M Valderhaug
Taste of Måløy - Eivind Husabø
Subsea - Høgskulen i Bergen